



Eigarskapskontroll | Vestland fylkeskommune

Overordna eigarskapskontroll

September 2023

«Eigarskapskontroll av overordna
eigarskapskontroll»

September 2023

Rapporten er utarbeidd for Vestland
fylkeskommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen

tlf: 55 21 81 00

www.deloitte.no

forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Deloitte har, i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 13. februar 2023 i sak 08/23 gjennomført ein overordna eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune. Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje og vurdere om Vestland fylkeskommune har etablert tilfredsstillande system og rutinar for eigarskapsforvaltning, om organiseringa er føremålstenleg og om eigarskapsforvaltninga blir praktisert i samsvar med krav og retningslinjer.

Som datagrunnlag har revisjonen nytta dokumentasjonsgjennomgang, intervju og spørjeundersøking. Undersøkinga har blitt gjennomført frå februar 2023 til august 2023.

Vestland fylkeskommune har i all hovudsak etablert ei føremålstenleg organisering og system for forvaltning og oppfølging av eigarskapa sine:

- Rollar og ansvar knytt til eigarskapsforvaltninga er i all hovudsak tydeleggjort gjennom eigarskapsmeldinga og fungerer som førespegla.
- Det er, gjennom eigarskapsmeldinga, etablert tydelege mål og føringar for korleis arbeidet med eigarskapsforvaltninga skal gjennomførast og det er etablert gode system og rutinar for utøving av eigarskapsforvaltninga.
- Fylkeskommunen har ikkje etablert tilstrekkelege system og rutinar for å sikre at det blir gjennomført risikovurderingar i forkant av at fylkeskommunen går inn i nye eigarskap. Krav til risikovurderingar ved inngåing av nye eigarskap er omtala eigarskapsmeldinga 2021, men det er ikkje utarbeidd nærare rettleiing for dette arbeidet (t.d. retningslinjer og malar) som sikrar at slike risikovurderingar blir gjennomført i praksis.
- Administrasjonen og Fylkestinget gjennomgår eksisterande eigarskapsportefølje ved handsaming av eigarskapsmeldinga ein gong kvar valperiode. Revisjonen har ikkje indikasjonar på at dette ikkje er tilstrekkeleg for å vurdere risiko knytt til eksisterande eigarskapsportefølje.
- Undersøkinga viser at det ikkje har blitt gjennomført eigne risikovurderingar av det administrative arbeidet med eigarskapsforvaltning. Revisjonen meiner at vil vere føremålstenleg å jamleg gjennomføre risikovurderingar som omfattar eigarskapsforvaltninga for å sikre tilstrekkeleg internkontroll på dette området.
- Vestland fylkeskommune har etablert system og rutinar for rapportering og oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltning. Undersøkinga viser at fylkeskommunen har system og rutinar for å halde oversikt over møta i eigarorgana, og det går fram av undersøkinga at det fungerer godt at eigarrepresentantar ved behov får støtte frå juridisk seksjon til å førebu seg og drøfte saker i forkant av møte i eigarorgana.
- Når det gjeld rutinar for rapportering frå eigarrepresentantar til juridisk seksjon, så viser undersøkinga at dette i liten grad blir gjennomført i praksis.

Fylkeskommunen har i all hovudsak etablert ei eigarskapsforvaltning som er i samsvar med relevante lovkrav og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing:

- Fylkeskommune har ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i kommunelova, og som gir tydelege føringar for korleis eigarskapa til fylkeskommunen skal forvaltast.
- Det blir ikkje lagt fram årleg rapport til fylkestinget om tilstanden for selskapa fylkeskommunen har eigardel i. Revisjonen merkar seg at fylkestinget har vedtatt at eigarskapsmeldinga skal handsamast kvart fjerde år (i samsvar med kommunelova), ettersom det blir opplevd som arbeidskrevjande å gjere ei ny vurdering av eigarskapsmeldinga kvart år. Revisjonen påpeiker at KS meiner det er føremålstenleg å ta eigarskapsmeldinga opp til vurdering oftare enn ein gong i valperioden dersom fylkeskommunen har eigardelar i mange selskap. Samtidig anerkjenner KS at det kan vere krevjande å gjere ei full vurdering av eigarskapa kvart år, og tilrår derfor at fylkestinget årleg får ei oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, gjerne med ein status knytt til økonomi, spesielle saker det siste året osv. Dette vil gi dei folkevalde jamleg oversikt over kva selskap fylkeskommunen eig og om det er planar for vesentlege endringar. Det blir påpeikt at det ikkje er behov for å vurdere resten av eigarskapsmeldinga årleg.
- Eigarstrategiane som er utarbeidd av Vestland fylkeskommune inneheld sentrale rammer, føringar og forventningar til selskapet frå eigar(ane). Det er etablert eigarstrategi for tre aksjeselskap og to IKS, samt felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene som fylkeskommunen har eigarskap i.

- Fylkeskommunen har ikkje etablert eigarstrategi for alle selskap med vedtekter/selskapsavtalar som regulerer minstekrav etter den aktuelle selskapslova, slik KS tilrår. Revisjonen merkar seg likevel at fylkeskommunen har som mål å utarbeide eigarstrategi for alle selskapa dei har eigarskap i.
- Det er etablert rutinar for opplæring i eigarskapsforvaltning for folkevalde i Vestland fylkeskommunen, og slik opplæring er gjennomført i inneverande valperiode. Opplæringa i fylkeskommunal eigarskapsforvaltning er samtidig ikkje gjennomført innan tidsavgrensinga som er vedtatt i eigarskapsmeldinga (innan seks månadar etter fylkesvalet). Revisjonen vurderer at fylkeskommunen bør sikre opplæring av folkevalde tidleg i valperioden, i samsvar med eigne føresegner om dette i eigarskapsmeldinga, samt tilrådingar frå KS.
- Vestland fylkeskommune har etablert system og rutinar for å i starten av kvar valperiode utnemne eiga valnemnd, men det er ikkje etablert tilstrekkeleg retningslinjer som regulerer valnemnda i fylkeskommunen sitt arbeid. Det er vidare ikkje etablert praksis for at valnemnda skriftleg grunngjev sine forslag til kandidatar til selskapsstyra. Revisjonen peiker på at fylkeskommunen bør sikre at det blir etablert tilstrekkeleg retningslinjer for valnemnda og at skriftleg grunngjeving av kandidatar som blir nominerte, rutinar for habilitet, ønska kompetanse mv. bør inngå som del av retningslinjene.
- KS tilrår at det bør fastsetast i vedtektene eller selskapsavtalane at val av styre i fylkeskommunalt eigde selskap bør skje ved bruk av valkomité. Undersøkinga viser at fylkeskommunen oppmodar om bruk av valkomité i eigarskapsmeldinga og vidare at det går fram krav eller oppmoding om dette også i eigarstrategiar. For mange av selskapa går det samtidig ikkje fram krav om bruk av valkomité i selskapsvedtektene.
- Undersøkinga viser at det ikkje er påkravd kjønnsbalanse i styret i 1 av 11 undersøkte selskap¹. Revisjonen påpeiker at dette ikkje er i samsvar med krav i regelverket², og vurderer at fylkeskommunen som eigar må sikre at det er riktig kjønnsbalanse i styra for selskap der fylkeskommunen har eigardel, og der dette er påkravd etter regelverket.
- Undersøkinga indikerer at det i liten grad blir gjennomført opplæring i styrearbeid i styra der fylkeskommunen er eigar. 64 prosent av respondentane i spørjeundersøkinga svarar at det sitjande styret ikkje har fått opplæring i styrearbeid. Revisjonen påpeiker at fylkeskommunen som eigar har eit ansvar for å sikre at styret i selskapet samla sett har den kompetansen det er behov for.
- Vestland fylkeskommune har etablert system og rutinar for deltaking på formelle eigarmøte, og det går fram at dette er gode tiltak for å bidra til god kommunikasjon og å sikre at fylkeskommunen blir haldt tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga til selskapa.
- Vestland fylkeskommune stiller gjennom eigarskapsmeldinga 2021, og eigarstrategi for nokre av selskapa, føremålstenlege krav til selskapa dei har eigardel i. Undersøkinga viser at fylkeskommunen som eigar også formidlar krav til selskapa gjennom årlege brev.

Vestland fylkeskommune følgjer langt på veg opp selskapa i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa:

- Det er samtidig noko uklart korleis selskap blir følgt opp av administrasjonen utover det som gjeld informasjon i samband med generalforsamling. Revisjonen vurderer at fylkeskommunen må sikre at dei har tilstrekkeleg informasjon om utvikling i selskapa, slik at dei kan ha tilstrekkeleg oppfølging av eigarskapa, samt tilfredsstillande informasjon til fylkespolitikarane som eigarar. Dette gjeld særleg for selskap der fylkeskommunen har etablert eigne eigarstrategiar med krav til oppfølging og rapportering.
- Vestland fylkeskommune har ikkje etablert særskilte overordna rutinar som omhandlar informasjonsflyt frå, eller medverknad i avgjersler i selskap der fylkeskommunen er indirekte eigar gjennom holdingselskap. Revisjonen påpeiker at fylkeskommunen etter aksjelova hovudsakeleg kan utøve eigarskapen sin i holdingselskapet gjennom morselskapet sitt eigarorgan (generalforsamlinga). Aksjelova (§ 5-1) seier at aksjeeigarane gjennom generalforsamlinga utøver den øvste myndigheita i selskapet. Dette inneber at styret og andre organ pliktar å følge generalforsamlinga sine vedtak og instruksar. Aksjonærar og eit morselskap har altså ein styringsmoglegheit ovanfor selskapet, ved å ha bestemmande innflytelse gjennom generalforsamlinga. Den enkelte aksjeeigar i eit selskap har ingen generell innsynsrett i selskapet sitt forhold, uavhengig av om det er holdingselskap eller ikkje, men har jf. aksjelova §5-15 rett til å krevje tilgjengelege opplysningar som er relevante for saker som skal handsamast i generalforsamling. Om informasjon skal krevjast, må avgjerast ved avstemming med vanleg fleirtalskrav i generalforsamlinga, jf. aksjelova § 5-17.

¹ Selskap der fylkeskommunen har 50 prosent eigardel eller meir.

² Kommunelova § 21-1, aksjelova § 20-6

- Undersøkinga viser at fylkeskommunen, gjennom felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedrifter, har etablert kva rapportering dei som eigar ønskjer når det gjeld dotterselskapa. Det er ikkje utarbeidd tilsvarende tydeleggjering av kva informasjon fylkeskommunen som eigar av Sogn og Fjordane Holding AS ønskjer frå Sogn og Fjordane Energi AS.
- Fylkeskommunen set også krav om at selskapa rapporterer om vesentlege tilhøve og hendingar, og det blir vist til at dette i hovudsak blir etterlevd. Revisjonen merkar seg at det blir påpeikt at det har vore eit tilfelle i inneverande valperiode der fylkeskommunen ikkje har blitt informert om ei selskaphending som omhandla fusjon i eit selskap underlagt Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Fylkeskommunen er indirekte eigar av SFE gjennom holdingselskap. Revisjonen merkar seg at det er gitt tilbakemeldingar til Sogn og Fjordane Holding AS om at fylkeskommunen skulle ha vore informert om denne hendinga, og at det er venta at fylkeskommunen som eigar framover vil bli informert om vesentlege hendingar

Undersøkinga indikerer at styremedlem i selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, opplever at fylkeskommunen som eigar utøver ei tydeleg og føremålstenleg eigarskapsforvaltning.

- Svar på spørjeundersøkinga indikerer at styremedlemmar i hovudsak er nøgd med fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning. Totalt svarar om lag halvparten av respondentane (49 prosent) at fylkeskommunen «i stor grad» utøver ei føremålstenleg eigarskapsforvaltning, medan 41 prosent svarar «i nokon grad» på dette spørsmålet.
- Gjennom eigarskapsmeldinga har fylkeskommunen etablert overordna mål og krav til selskapa dei har eigardel i, kva som er målet til fylkeskommunen som eigar av kvart av selskapa, og vidare kva som er føremålet til selskapa som verksemd. Svar frå respondentane i spørjeundersøkinga indikerer at mål og strategi for fylkeskommunen sitt eigarskap i selskap er relativt tydeleg; 38 prosent av respondentane meiner at fylkeskommunen «i stor grad» har utarbeidd tydelege mål og strategi, medan litt under halvparten av respondentane (46 prosent) opplever at fylkeskommunen «i nokon grad» har utarbeidd tydelege mål og strategi for eigarskapen i selskapet der dei er styremedlem. Revisjonen meiner at dette viser at det er eit potensial for å kommunisere enda tydelegare ovanfor selskapa kva som er fylkeskommunen sitt mål som eigar av selskapet.
- Revisjonen påpeiker at svar på spørjeundersøkinga indikerer at det ikkje er tilstrekkeleg tydeleg for alle selskapsstyra at det er juridisk seksjon som er etablert som sekretariat for eigarskapsforvaltning. Revisjonen understrekar at det ikkje er noko i vegen for at selskapsstyra kontaktar andre aktørar, som til dømes fylkesordførar, dersom det er spørsmål som må avklarast, men revisjonen vurderer at det for å sikre mest mogeleg effektiv og lik kommunikasjon mellom fylkeskommunen og selskapa, kan vere føremålstenleg å i større grad tydeleggjere administrasjonen si rolle i dette arbeidet, til dømes ved å sikre at dette er tydeleg omtala på fylkeskommunen sine nettsider og eventuelt også i eigarskapsmeldinga.

Tilrådingar

Basert på det som kjem fram i undersøkinga tilrår revisjonen at Vestland fylkeskommune sett i verk følgjande tiltak:

1. Etablerer system og rutinar for å sikre at det blir gjennomført:
 - a. risikovurderingar når fylkeskommunen vurderer nye eigarskap.
 - b. risikovurderingar av det administrative arbeidet med eigarskapsforvaltning
2. Sikrar rapportering frå eigarrepresentantar til fylkeskommunen v/juridisk seksjon etter gjennomført eigarmøte, i samsvar med egne retningslinjer for dette.
3. Vurderer behov for å utarbeide ein årleg rapport til fylkestinget om oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigardel i (ev. også med status knytt til viktige hendingar, økonomi ol.)
4. Utarbeider retningslinjer for arbeidet i fylkeskommunen si valnemnd, og sikrar at desse retningslinjene mellom anna inneheld:
 - a. prosedyrar for rundt val av kandidatar til selskapsstyra, mellom anna med tanke på vurdering av habilitet, ønska kompetanse, kjønnsbalanse mv.
 - b. retningslinjer for at valnemnda skriftleg grunngjev sine forslag til kandidatar til selskapsstyra.
5. Fremjar i formelle eigarmøte (generalforsamling/representantskapsmøte) for relevante selskap der fylkeskommunen er eigar at:
 - a. det blir sett krav om bruk av valkomité ved val av styre.
 - b. det ved val av styremedlemmar blir sikra riktig kjønnsbalanse i styra der dette er påkravd etter regelverket.
 - c. det blir gjennomført opplæring i styrearbeid for selskapsstyra.

6. Sikrar oppfølging av eigarskap i samsvar med eigne målsettingar og rutinar på området, under dette:
 - a. Utarbeider eigarstrategi for alle selskap som blir vurdert som strategisk viktige for fylkeskommunen, og gjennom dette ei tydeleggjering av eigar(ane) sine krav og forventningar til selskapet
 - b. Etablerer system og rutinar som sikrar at fylkeskommunen innhentar rapportering i samsvar med utarbeidde eigarstrategiar.
7. Tydeleggjer administrasjonen si rolle i arbeidet med eigarskapsforvaltning ovanfor selskapa og dei folkevalde, til dømes gjennom informasjon på fylkeskommunen sine nettsider og eventuelt i eigarskapsmeldinga.

Lesarrettleiing

Kapitla i rapporten har følgande hovudinnhald:

Kapittel 1: Dette kapitlet er innleiinga til rapporten. Her blir bakgrunn for prosjektet presentert, saman med føremål og problemstillingar. Vidare er det gjort kort greie for den metodiske tilnærminga som er nytta og verifiseringsprosessar som er gjennomførte.

Kapittel 2: Kapittel to er eit bakgrunnskapittel, og inneheld ein oversikt over eigarskapen til Vestland fylkeskommune.

Kapittel 3: I kapittel tre, *system for forvaltning og oppfølging av eigarskap*, svarar revisjonen på første hovudproblemstilling. Innleiingsvis blir problemstillinga og kontrollkriterier som er relevant for å svare på problemstillinga presentert. Tema i kapitlet er i kva grad fylkeskommunen har etablert ei føremålstenleg organisering og tilfredsstillande system for forvaltning og oppfølging av eigarskapen til fylkeskommunen.

Kapittel 4: I kapittel fire, *eigarskapsforvaltning*, svarar revisjonen på den andre hovudproblemstillinga: *I kva grad har fylkeskommunen ei eigarskapsforvaltning som er i samsvar med relevante lovkrav og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?* Også i dette kapitlet blir utarbeidde problemstillingar for å svare på hovudproblemstillinga, samt relevante kontrollkriterium presentert innleiingsvis.

Kapittel 5: Kapittel fem, *oppfølging av selskapa*, svarer på tredje hovudproblemstilling. Problemstillingar og relevante kontrollkriterium blir innleiingsvis presentert, og tema er deretter i kva grad fylkeskommunen følgjer opp selskapa dei har eigardel i, i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa. Revisjonen har også undersøkt rutinar for informasjonsflyt og medverknad i avgjersler i selskap der fylkeskommunen er eigar gjennom holdingselskap.

Kapittel 6: I kapittel seks, konklusjon og tilrådingar, er revisjonen sine samla konklusjonar presentert, saman med ei opplisting av tiltak revisjonen meiner at fylkeskommunen bør setje i verk basert på den undersøkinga som er gjennomført.

Innhald

1	Innleiing	10
2	Om Vestland fylkeskommune sine eigarskap	12
3	System for forvaltning og oppfølging av eigarskap	15
4	Eigarskapsforvaltning	23
5	Oppfølging av selskapa	38
6	Konklusjon og tilrådingar	45
	Vedlegg 1 : Høyringsuttale	47
	Vedlegg 2 : Kontrollkriterier	49
	Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	54

Detaljert innhald

1	Innleiing	10
1.1	Bakgrunn	10
1.2	Føremål og problemstillingar	10
1.3	Metode	11
1.3.1	Dokumentanalyse	11
1.3.2	Intervju	11
1.3.3	Spørjeundersøking	11
1.3.4	Verifiseringsprosessar	11
1.4	Kontrollkriterier	11
2	Om Vestland fylkeskommune sine eigarskap	12
2.1	Oversikt over eigarskapen til VLFK	12
3	System for forvaltning og oppfølging av eigarskap	15
3.1	Problemstilling	15
3.2	Kontrollkriterier	15
3.3	Organisering av eigarskapsforvaltninga	15
3.3.1	Datagrunnlag	15
3.3.2	Vurdering	17
3.4	Mål og føringar for arbeidet med eigarskapsforvaltning	17
3.4.1	Datagrunnlag	17
3.4.2	Vurdering	18
3.5	Rutinar og system for utøving av eigarskapsforvaltninga	18
3.5.1	Datagrunnlag	18
3.5.2	Vurdering	19
3.6	Risikovurderingar knytt til eigarskapsforvaltninga og eigarskapsfortefølja	19
3.6.1	Datagrunnlag	19
3.6.2	Vurdering	20
3.7	Rutinar og system for oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltninga	20
3.7.1	Datagrunnlag	20
3.7.2	Vurdering	22
4	Eigarskapsforvaltning	23
4.1	Problemstilling	23
4.2	Kontrollkriterier	23
4.3	Eigarskapsmelding med tydelege føringar for eigarskapsforvaltning	24
4.3.1	Datagrunnlag	24
4.3.2	Vurdering	25
4.4	Strategi for eigarskapen	25
4.4.1	Datagrunnlag	25
4.4.2	Vurdering	27
4.5	Opplæring av folkevalde	27
4.5.1	Datagrunnlag	27
4.5.2	Vurdering	28
4.6	Styresamansetting	29

4.6.1	Datagrunnlag	29
4.6.2	Vurdering	32
4.7	Eigarrepresentasjon og kommunikasjon med selskapa	33
4.7.1	Datagrunnlag	33
4.7.2	Vurdering	34
4.8	Krav til selskapa	35
4.8.1	Datagrunnlag	35
4.8.2	Vurdering	36
5	Oppfølging av selskapa	38
5.1	Problemstilling	38
5.2	Kontrollkriterier	38
5.3	Oppfølging av selskap	38
5.3.1	Datagrunnlag	38
5.3.2	Vurdering	44
6	Konklusjon og tilrådingar	45
	Vedlegg 1 : Høyringsuttale	47
	Vedlegg 2 : Kontrollkriterier	49
	Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	54

Figurar

Figur 1: Oppleving av fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning	22
Figur 2: Tydeleg mål og strategi for eigarskap i selskapa?	27
Figur 3: Valkomit� i selskapa.....	30
Figur 4: Oppl�ring i styrearbeid	32
Figur 5: Kjennskap til kontaktperson(ar) i fylkeskommunen.....	34
Figur 6: Etablering av rutinar og prosedyrar i selskapsstyra	36
Figur 7: Styremedlemmar sitt kjennskap til innhald i eigarskapsmeldinga	39
Figur 8: Rapportering til fylkeskommunen om drift og utvikling i selskapet.....	41
Figur 9: Rapportering ved særskilte selskaphendingar	42

Tabellar

Tabell 1: Eigarskap i Vestland fylkeskommune	12
Tabell 2: Organisering av eigarskapsforvaltning i VLFK (Kjelde: VLFK).....	16
Tabell 3: Fylkeskommunen sitt f�rem�l med eigarskap innan ulike eigarskapsomr�de (Kjelde: VLFK)	17
Tabell 4: Innhald i del I av eigarskapsmeldinga 2021	24
Tabell 5: Kj�nnsbalanse i styra der VLFK eig meir enn 50 prosent av aksjane.	31
Tabell 6: D�me p� krav fr� VLFK til selskapa dei har eigardel (Kjelde: Eigarskapsmeldinga 2021)	35
Tabell 7: Vestland fylkeskommune sine eigarskap i holdingselskap	42

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein overordna eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune i sak 08/23 i møte 13. februar 2023.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke og vurdere om Vestland fylkeskommune har etablert tilfredsstillande system og rutinar for eigarskapsforvaltning, om organiseringa er føremålstenleg og om eigarskapsforvaltninga blir praktisert i samsvar med krav og retningslinjer.

Med bakgrunn i formålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som har blitt undersøkt³:

- 1) I kva grad har fylkeskommunen etablert ei føremålstenleg organisering og tilfredsstillande system for forvaltning og oppfølging av eigarskapen til fylkeskommunen?
 - a) I kva grad er organiseringa av fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning føremålstenleg?
 - b) Er det etablert tydelege mål og føringar for arbeidet med eigarskapsforvaltning?
 - c) I kva grad er det etablert system og rutinar for utøving av eigarskapsforvaltninga?
 - d) I kva grad er det gjennomført risikovurderingar knytt til eigarskapsforvaltninga og eigarskapsportefølja til Vestland fylkeskommune?
 - e) I kva grad er det etablert system og rutinar for rapportering og oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltninga?
- 2) I kva grad har fylkeskommunen ei eigarskapsforvaltning som er i samsvar med relevante lovkrav og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
 - a) Har fylkeskommunen ei eigarskapsmelding som gir tydelege føringar for korleis eigarskapen skal forvaltast?
 - b) Er det utarbeidd ein tydeleg strategi for den enkelte eigarskapen til fylkeskommunen med mål og krav til selskapa?
 - c) I kva grad har folkevalde fått tilstrekkeleg opplæring i fylkeskommunal eigarskapsforvaltning?
 - d) Kva rutinar har fylkeskommunen for å sikre god samansetning og kompetanse (samt opplæring) i selskapsstyra (inkludert rutinar for valkomitear)?
 - e) Kva rutinar er etablert for kommunikasjon og informasjon mellom selskapa og fylkeskommunen, under dette også system og rutinar for eigarrepresentasjon og deltaking på eigarmøte?
 - f) I kva grad stiller fylkeskommunen krav til selskapa om:
 - i) Etisk retningslinjer
 - ii) Registrering av styreverv
 - iii) Godtgjersle
 - iv) Habilitetsvurderingar
 - v) Styreinstruks
 - vi) Styreevaluering
 - vii) Årleg plan for styret
 - viii) Årleg gjennomgang av den interne kontrollen.
- 3) I kva grad følger fylkeskommunen opp selskapa i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa? Under dette
 - a) I kva grad er det etablert rutinar for informasjonsflyt frå, og medverknad i avgjersler, i selskap der fylkeskommunen er eigar gjennom holdingselskap?

³ I prosjektplanen var også følgjande problemstilling #4 inkludert: «I kva grad opplever styremedlem i selskapa fylkeskommunen har eigarskap i at fylkeskommunen som eigar utøver ei tydeleg og føremålstenleg eigarskapsforvaltning?». Revisjonen har av omsyn til den logiske oppbygginga av rapporten, valt å svare ut denne problemstillinga fortløpande i rapporten.

1.3 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for eigarskapskontroll (RSK 002) og kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet februar 2023 til august 2023.

1.3.1 Dokumentanalyse

Informasjon om Vestland fylkeskommune, dokumentasjon knytt til eigarskapsforvaltninga i fylkeskommunen og etterleving av interne rutinar, prinsipp mv. har blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot kontrollkriteria.

1.3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervju utvalde personar frå Vestland fylkeskommune som er involvert i eller har ansvar for overordna eigarskapskontroll. Dette inkluderer fylkesordførar, fylkesvaraordførar, leiar for hovudutval for næring og juridisk rådgjevar ved juridisk seksjon.

Revisjonen har intervju totalt fire personar.

1.3.3 Spørjeundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til 1) styreleiarar i selskap der fylkeskommunen har eigardel på 20 prosent eller meir og 2) styremedlemmar nominert av fylkeskommunen i dei same selskapa.

Spørjeundersøkinga blei sendt ut til totalt 58 personar, og 39 av desse har svart på undersøkinga. Dette gir ein svarprosent på om lag 67 prosent. 22 av dei 58 respondentane er styreleiarar og 17 av respondentane er styremedlem utpeikt av fylkeskommunen.

1.3.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervju for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til fylkeskommunen for verifisering, og innspel og tilleggsopplysningar gjennom verifiseringa er inkludert i den endelege rapporten. Høyringsutkast av rapporten er sendt til fylkesdirektør og fylkesordførar for uttale. Revisjonen har mottatt høyringsuttale frå fylkesdirektøren, og denne er å finne i vedlegg 1 til rapporten.

1.4 Kontrollkriterier

Kontrollkriteria er dei krav og forventningar som eigarskapskontrollobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for eigarskapskontroll. I dette prosjektet er kontrollkriteria i hovudsak henta frå kommunelova, aksjelova og KS sine tilrådingar for god eigarstyring. Kriteria er kort presentert innleiingsvis under kvart tema, og nærare presentert i vedlegg 2 til rapporten.

2 Om Vestland fylkeskommune sine eigarskap

2.1 Oversikt over eigarskapen til VLFK

Vestland fylkeskommune har eigarskap i ei rekkje aksjeselskap og interkommunale selskap. Eigarskapen består både av selskap som driv kommersielt og selskap som leverer tenester til innbyggjarane i fylkeskommunen. Fylkeskommunen skil i si eigarskapsmelding mellom fem grupper eigarskap, basert på fylkeskommunen sine mål med eigarskapen:

- Selskap med finansielle mål/utnytting av kraftressursar
- Samfunns- og næringsutvikling
- Samfunns- og næringsutvikling - Arbeidsmarknadsbedrifter
- Infrastruktur og kollektivtransport
- Opplæring
- Kulturselskap

Det går fram av eigarskapsmeldinga at fylkeskommunen i 2021 hadde eigarskap i 41 aksjeselskap, 3 interkommunale selskap og eitt særlovselskap. I tabell 1 har revisjonen tatt ut tre av desse aksjeselskap, då fylkeskommunen per 2023 ikkje lenger har eigardel i desse,⁴ og i tillegg lagt inn eit holdingselskap (Movia Holding AS) og eit aksjeselskap (Sognasmak AS) som fylkeskommunen har eigardel i, men som ikkje går fram av eigarskapsmeldinga frå 2021, då selskapa på dette tidspunktet ikkje ennå var skipa.

Tabell 1: Eigarskap i Vestland fylkeskommune⁵

Grupper av eigarskap	Selskap	Selskapsform	Eigardel
Infrastruktur og kollektivtransport	BYBANEN AS	Aksjeselskap	100 %
	HFK BUSSANLEGG AS	Aksjeselskap	100 %
	HFK TOMT KNARVIK AS	Aksjeselskap	100 %
	SKYTTEL AS	Aksjeselskap	33.33 %
	FERDE AS	Aksjeselskap	33.33 %
	SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS	Aksjeselskap	21 %
	E134 HAUKELIVEGEN AS	Aksjeselskap	2.17 %
Samfunns- og næringsutvikling – arbeidsmarknad	BEREDT AS	Aksjeselskap	100 %
	HARDANGER AKS AS	Aksjeselskap	38.8 %
	ORIGOD HOLDING AS	Aksjeselskap	24.55 %
	KVEIK AS	Aksjeselskap	23.33 %
	SOGNEPRODUKT AS	Aksjeselskap	20 %
	OPERO HOLDING AS	Aksjeselskap	16.64 %
	MOVIA HOLDING AS	Aksjeselskap	11.5 %
	GLØDE AS	Aksjeselskap	7.09 %
Kulturselskap	TEATER VESTLAND AS	Aksjeselskap	80 %

⁴ Eigarskapen til VLFK i Sarsia Development AS og Lutelandet Utvikling AS er sidan utarbeidinga av eigarskapsmeldinga i 2021, avvikla. Det går fram av eigarskapsmeldinga at sal av fylkeskommunen sine aksjar i gjeldande selskap er vedtatt i fylkestinget. In Via AS, som VLFK tidlegare hadde eigardel i, er no slått saman med Mona Vekst AS til Movia AS. VLFK har eigarskap i Movia Holding AS

⁵ Kjelde: Bisnode og Vestland fylkeskommune si eigarskapsmelding

	DET VESTNORSKE TEATERET AS	Aksjeselskap	60 %
	MOSTER AMFI OG KYRKJEHISTORISKE SENTER AS	Aksjeselskap	50 %
	MOSTER 2024 AS	Aksjeselskap	50 %
	VESTNORSK FILMSENTER AS	Aksjeselskap	33,33 % ⁶
	NORSK FJORDHESTSENTER AS	Aksjeselskap	32.4 %
	IDRETTSKLYNGE VEST AS	Aksjeselskap	25 %
	DEN NATIONALE SCENE AS	Aksjeselskap	16.67 %
	CARTE BLANCHE AS	Aksjeselskap	15 %
Opplæring	OPPLÆRINGSFARTØY AS	Aksjeselskap	76.53 %
	CAMPUS VERFTET AS	Aksjeselskap	45 %
	BERGEN VITENSENTER AS	Aksjeselskap	19 %
	VITENSENTERET I SOGN OG FJORDANE AS	Aksjeselskap	33.33 %
Samfunns- og næringsutvikling	FJORD INVEST SÅKORN AS	Aksjeselskap	55.88 %
	SOGN OG FJORDANE FONDET AS	Aksjeselskap	50 %
	KUNNSKAPSPARKEN VESTLAND AS	Aksjeselskap	38.17 %
	GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLING AS	Aksjeselskap	32.12 %
	NJØS FRUKT- OG BÆRSENTER AS	Aksjeselskap	22.22 %
	FJORD NORGE AS	Aksjeselskap	17.83 %
	SOGNASMAK AS ⁷	Aksjeselskap	6.66 %
	INNOVASJON NORGE	Særlovselskap	5.16 %
	ATHENO AS	Aksjeselskap	3.21 %
	FRAMTIDSFYLKET AS	Aksjeselskap	2.77 %
Utnytting av kraftressursar /finansielle mål	VALEN KRAFTVERK AS	Aksjeselskap	100 %
	SOGN OG FJORDANE HOLDING AS	Aksjeselskap	20 %
	KOMMUNEKRAFT AS	Aksjeselskap	0.31 %
Interkommunale selskap	GRIEGHALLEN IKS	Interkommunalt selskap	50 %
	TH EIGEDOM IKS	Interkommunalt selskap	50 %
	VIGO IKS	Interkommunalt selskap	9.09 %

Gjennom eigarskap i holdingselskap har fylkeskommunen også indirekte eigarskap.⁸ Eit døme på dette er Sogn og Fjordane Energi, som Vestland fylkeskommune har indirekte eigarskap i gjennom Sogn og Fjordane Holding AS.

I enkelte av selskapa har fylkeskommunen både direkte og indirekte eigarskap, til dømes i Kunnskapsparken Vestland AS, der fylkeskommunen har direkte eigarskap på om lag 38 prosent, og indirekte eigarskap gjennom selskapet Fjord Invest Såkorn, som eig om lag 36 prosent av Kunnskapsparken Vestland AS. Som vist i tabellen over eig Fylkeskommunen om lag 56 prosent av Fjord Invest Såkorn AS. Fylkeskommunen har også eigarinteresser

⁶ VLFK hadde tidlegare 50 prosent eigardel i dette selskapet. I samband med verifiseringa av rapporten opplyser fylkeskommunen at eigarskapa per i dag er 33,33 prosent etter at Møre og Romsdal fylkeskommune har kjøpt aksjar i selskapet frå høvesvis Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.

⁷ Sognasmak AS blei oppretta som selskap i 2022, og var dermed ikkje del av eigarskapsmeldinga frå 2021. Det går heller ikkje fram av VLFK sine nettsider at fylkeskommunen har eigardel i Sognasmak AS. På Proff.no går det fram at VLFK er ein av sju eigarar, og at fylkeskommunen har 6,667 prosent del av aksjane i selskapet.

⁸ Eit holdingselskap er eit aksjeselskap som ikkje har andre oppgåver enn å eige aksjar i andre selskap. Drifta skjer i selskapa som holdingselskapet eig og desse blir gjerne kalla driftsselskap. Dersom holdingselskapet eig over 50 % av eit anna aksjeselskap er det eit «morselskap» og selskapet det eig eit «dotterselskap. Til saman dannar desse eit konsern

gjennom til dømes deltaking i landssamanslutninga av vasskraftkommunar, som igjen har majoritetseigarskap i selskapet Kommunekraft AS.

3 System for forvaltning og oppfølging av eigarskap

3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad har fylkeskommunen etablert ei føremålstenleg organisering og tilfredsstillande system for forvaltning og oppfølging av eigarskapen til fylkeskommunen?

Under dette:

- I kva grad er organiseringa av fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning føremålstenleg
- Er det etablert tydelege mål og føringar for arbeidet med eigarskapsforvaltning?
- I kva grad er det etablert system og rutinar for utøving av eigarskapsforvaltninga?
- I kva grad er det gjennomført risikovurderingar knytt til eigarskapsforvaltninga og eigarskapsportefølja Vestland fylkeskommune?
- I kva grad er det etablert system og rutinar for rapportering og oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltninga?

3.2 Kontrollkriterier

Krav til fylkeskommunen når det gjeld organisering knytt til eigarskapsforvaltninga blir utleia frå kommunelova § 25-1 om internkontroll i fylkeskommunen, aksjelova § 6-12 (1) og KS sine tilrådingar om eigarstyring.

Fylkeskommunen *skal*:

- Utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering, ha nødvendige rutinar og prosedyrar, avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik og evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll (kommunelova § 25-1).
- Minst ein gong i valperioden utarbeide eigarskapsmelding der det mellom anna skal gå fram oversikt over selskap, fylkeskommunale føretak og andre verksemdar som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i (kommunelova § 26-1).

Fylkeskommunen *bør*:

- Vurdere om vilkåra er til stades for å bygge opp ein organisert, kompetent støttefunksjon i fylkesadministrasjonen. Det kan vere føremålstenleg med ei eiga eining som kan handtere ei førebuande oppgåve for fylkestinget i form av eit «eigarskapssekretariat» eller liknande (KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll).

Sjå vedlegg 2 for utfyllande kontrollkriterium.

3.3 Organisering av eigarskapsforvaltninga

3.3.1 Datagrunnlag

Vestland fylkeskommune har utarbeidd ei eigarskapsmelding⁹ der også intern ansvars- og oppgåvedeling i fylkeskommunen går fram. I tillegg er ansvar og oppgåver skildra i fylkeskommunen sitt reglement for folkevalde organ og delegering.¹⁰ Ansvars- og oppgåvedelinga slik det går fram av eigarskapsmeldinga og reglementet er framstilt i tabell 2 under.

⁹ Vestland fylkeskommune. Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021. Sist vedtatt i Fylkestinget 15.12.2021 i sak 131/2021

¹⁰ Vestland fylkeskommune. Reglement for folkevalde organ og delegering. Sist oppdatert desember 2022.

Tabell 2: Organisering av eigarskapsforvaltning i VLFK (Kjelde: VLFK¹¹)

Rolle/organ	Ansvar/oppgåver
Fylkestinget	Etter kommunelova § 26-1 skal fylkestinget sjølv vedta eigarskapsmelding for fylkeskommunen, minst ein gong i valperioden. Fylkestinget gjer vidare vedtak i saker som gjeld fylkeskommunen sin eigarskap der mynda er lagt til fylkestinget i lov, eller der dette følgjer av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement.
Fylkesutvalet	Fylkesutvalet har vedtaksmynde i alle andre eigarskapsaker, så framst saka ikkje har prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd, eller det er tale om høge summar. I <i>reglement for fylkesutvalet</i> ¹² går det fram at fylkesutvalet kan vedta sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på NOK 2 mill. Fylkesutvalet er det utpeikte eigarorganet til fylkeskommunen , og gjev m.a. instruks om korleis eigarrepresentanten skal røyste på generalforsamlingar o.l. Fylkesutvalet kan også på eige initiativ be eigarrepresentanten om å informere eller legge fram ei sak for utvalet. Dette kan vere aktuelt heile året, men særskilt i samband med gjennomføringa av generalforsamlingar o.l.
Hovudutvala	Hovudutvala kjem etter behov med innstilling i eigarskapsakene fylkestinget og fylkesutvalet skal gjere vedtak i.
Kontrollutvalet	Kontrollutvalet fører kontroll med fylkeskommunen si eigarstyring , og med korleis selskapa blir drivne.
Fylkesordføraren	Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar . Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte, også i aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær. Når fylkesordføraren deltek på eigarmøte som eigarrepresentant, representerer han eller ho det politiske fleirtalet. Fylkesordføraren er elles rettsleg representant for fylkeskommunen , og skriv under på fylkeskommunen sine vegner om ikkje mynda er tildelt andre. Mynda medfører ikkje i seg sjølv nokon kompetanse til å treffe vedtak eller inngå bindande avtale.
Fylkesdirektøren	Fylkesdirektøren har etter kommunelova ansvar for at politiske saker skal vere forsvarleg utgreidde, og for at vedtak blir følgde opp . Fylkesdirektøren følgjer t.d. opp at fylkestinget sine uttrykte mål i eigarskapsmeldinga blir realiserte. Fylkesdirektøren, eller andre i administrasjonen, møter i eigarorgan saman med eigarrepresentanten ved behov .

Som vist i tabellen over kan fylkesordførar gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Det går fram av intervju at det har utvikla seg ein praksis i fylkeskommunen der hovudutvalsleiarar på dei ulike fagområda/ansvarsområda selskapa sorterar under, møter som eigarrepresentant med fullmakt frå fylkesordføraren, når den/dei faste eigarrepresentantane ikkje kan stille. Fylkesordførar viser til at han ofte vel å delegere oppmøte i generalforsamlingane, og at bakgrunnen for dette er at mange av generalforsamlingane kjem på våren, samtidig som mykje anna viktig politisk arbeid i fylkeskommunen. Fylkesordførar sine vurderingar kring oppmøte i eigarorgana og delegering av ansvaret som eigarrepresentant blir gjort i samråd med fylkesordførar sin rådgjevar. Det går fram at det stort sett er fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane som fordeler generalforsamlingane mellom seg. Det blir i intervju vist til at den som skal møte som eigarrepresentant alltid stiller med skriftleg fullmakt.

I fylkesadministrasjonen er det **juridisk seksjon** som har ansvaret for eigarskapsoppfølginga. Det er også denne seksjonen som har ansvar for arbeidet med eigarskapsmeldinga. I intervju blir det vist til at ein juridisk rådgjevar i seksjonen handterer mykje av det praktiske kring deltaking i generalforsamlingane. Seksjonen har mellom anna oversikt over møtedatoar, kven som skal delta som eigarrepresentant, at møtedato for generalforsamling blir kjend og at møteinnkallingar og saksdokument blir vidaresendt til rette vedkomande. Fylkeskommunen viser til at

¹¹ Vestland fylkeskommune. Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021. Sist vedtatt i Fylkestinget 15.12.2021 i sak 131/2021 og Vestland fylkeskommune. Reglement for folkevalde organ og delegering. Sist oppdatert desember 2022.

¹² Vestland fylkeskommune. Reglement for folkevalde organ og delegering. Sist oppdatert desember 2022.

seksjonen arkiverer alt av dokumentasjon fylkeskommunen mottok i samband med generalforsamlingar og elles, og denne informasjonen blir gjennomgått av seksjonen både før eigarmøte, i samband med administrasjonen si utarbeiding av eigarskapsmelding og saksframlegg i samband med fylkestinget si handsaming av denne.

Juridisk seksjon støttar også eigarrepresentantane i si utøving av rolla, og kan bistå eigarrepresentantane i samband med deltaking i generalforsamlingar. Det blir i intervju vist til at ein som eigarrepresentant ofte har møte med representantar frå juridisk seksjon i forkant av generalforsamlinga til det enkelte selskap, der ein gjennomgår informasjon om selskapet og sakene som står på dagsorden (meir om dette i avsnitt 3.7.1 om rutinar og system for oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltninga)

3.3.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at det er etablert ei føremålstenleg organisering av eigarskapsforvaltninga i Vestland fylkeskommune. Undersøkinga viser at rollar og ansvar knytt til eigarskapsforvaltninga i all hovudsak er tydeleggjort gjennom eigarskapsmeldinga og at rollar og ansvar i praksis fungerer som førespegla i meldinga.

Revisjonen merkar seg vidare at det er positivt at det er etablert ein støttefunksjon for eigarskapsforvaltninga i juridisk seksjon i fylkeskommunen, noko som er i samsvar med tilrådingar frå KS.

3.4 Mål og føringar for arbeidet med eigarskapsforvaltning

3.4.1 Datagrunnlag

Fylkeskommunen har gjennom eigarskapsmeldinga og reglement for folkevalde organ og delegering etablert ei rekkje mål og føringar for arbeidet med eigarskapsforvaltning.

Det går mellom anna fram at eigarskapsmeldinga skal vere i samsvar med krav til denne i kommunelova, at den skal utarbeidast minst ein gong i valperioden og vedtakast av fylkestinget. Det går vidare fram at kontrollutvalet på vegner av fylkestinget skal sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av selskap fylkeskommunen har eigarinteresser i.

Det er også sett føringar for eigarrepresentasjon gjennom eigarskapsmeldinga og reglement for folkevalde organ og delegering. Som nemnt i avsnitt 3.3.1 ovanfor, har fylkestinget gjennom reglement for fylkesutvalet vedtatt at fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen i årsmøte og generalforsamlingar, men det blir opna for at fylkesordførar har mynde til å gi andre fullmakt til å møte som eigarrepresentant.¹³ Det blir vidare vist til at eigarrepresentanten også bør vere den som stiller på dei meir uformelle eigarmøta, men at ein representant frå administrasjonen eventuelt også kan møte her.

Eigarskapsmeldinga viser til at fylkeskommunen sitt føremål med å eige er knytt opp mot organisasjonen sitt samfunnsoppdrag. Tabellen under viser kva føremål fylkeskommunen har etablert for sin eigarskap innan fem ulike område.

Tabell 3: Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskap innan ulike eigarskapsområde (Kjelde: VLFK)

Eigarskapsområde	Overordna føremål med eigarskapen
Utnytting av kraftressursar / finansielle mål	<ul style="list-style-type: none"> Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet. Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar.
Samfunns- og næringsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket. Delta i investeringsselskap som bidreg med kapital i tidleg-fase verksemder i fylket. Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse. Delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.
Infrastruktur og kollektivtransport	<ul style="list-style-type: none"> Delta i selskap for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.

¹³ Eigarrepresentantane til representantskapet i IKS er valde særskilt av fylkestinget.

	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i selskap med infrastrukturbygging eller finansiering av infrastrukturbygging som føremål. • Delta i selskap som legg til rette for kollektivtrafikk, t.d. gjennom å eige eller drifte anlegg for kollektivtrafikk.
Opplæring	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i selskap saman med andre kommunar, fylkeskommunar og/eller private for å få utført oppgåver knytt til fylkeskommunen si rolle som opplæringsansvarleg.
Kultur	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.

Eigarskapsmeldinga viser vidare til at fylkeskommunen, i tillegg til å gi uttrykk for overordna eigarskapspolitikk i eigarskapsmeldinga, bør vedta særskilte eigarstrategiar for den einskilde eigarskapen, eller for grupper av selskap, der fylkeskommunen som eigar utdjuvar kva mål ein har med og for selskapet, kva krav og forventningar eigar har til selskapet og kva selskapet skal kunne forvente frå eigar/ane. Fylkeskommunen har etablert felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene og eigen eigarstrategi for to av dei interkommunale selskapa og tre av aksjeselskapa der fylkeskommunen har vesentleg eigardel¹⁴ (meir om eigarstrategiar i avsnitt 4.4.1 om strategi for eigarskapen). Fylkeskommunen opplyser at det i 2020 blei starta opp arbeid med å etablere eigne eigarstrategiar for alle eigarskapa, og at fylkeskommunen vil halde fram med dette arbeidet i dei komande åra.

Gjennom eigarskapsmeldinga er det vidare etablert generelle forventningar til selskapa og prinsipp fylkeskommunen ønsker å styre ut frå, og det er lagt inn mål med eigarskap i alle selskapa fylkeskommunen har eigardel i.

I intervju blir det vist til at fylkeskommunen har etablert tydelege overordna mål og føringar for eigarskapsforvaltninga. Det blir vidare vist til at fylkeskommunen er opptatt av at selskapa skal drive forsvarleg og etisk (meir om krav frå fylkeskommunen som eigar til selskapa i avsnitt 4.8.1) .

3.4.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at Vestland fylkeskommune har etablert tydelege mål og føringar for korleis arbeidet med eigarskapsforvaltninga skal gjennomførast. Fylkeskommunen sine mål og føringar for eigarskapsforvaltning går fram av eigarskapsmeldinga og reglement for folkevalde organ og delegering, og dei intervju opplever at mål og føringar gjennom dette er tilstrekkeleg tydeleggjort.

3.5 Rutinar og system for utøving av eigarskapsforvaltninga

3.5.1 Datagrunnlag

Ansvar for eigarskapsoppfølginga ligg til juridisk seksjon i fylkeskommunen. Det blir vist til at det tidlegare i hovudsak har vore éin tilsett som har følgt opp eigarskapsforvaltninga i fylkeskommunen, men at det frå 1.1.2023 er tre personar ved juridisk seksjon som samarbeider om oppfølginga av eigarskapsforvaltninga. Det blir vist til at ein av desse tilsette har ansvar for å koordinere arbeidet og kallar inn til jamleg møte for å få oversikt over eigarskapsmøte og førefallande arbeid. Dei intervju viser til at det fungerer godt at det er faste personar i juridisk seksjon som jobbar med dette. Det blir vidare understreka at det er viktig å ha ein eller fleire faste personar i administrasjonen som har oversikt over selskapa sin historikk mv., då mange av politikarane i fylkestinget blir bytta ut kvart fjerde år og ikkje sit med same oversikta.

Juridisk seksjon har etablert eit årshjul for eigarskapsforvaltning og eigarskapsutøving i fylkeskommunen. Fylkeskommunen ved juridisk seksjon sender i starten av kvart år ut eit **brev til selskapa**, med informasjon om fylkeskommunen sin eigarskapspolitikk, krav og forventningar til selskapa mv. (meir informasjon om dette i avsnitt 4.7.1 om eigarrepresentasjon og kommunikasjon med selskapa).

Juridisk seksjon følgjer heile året med på gjennomføring av formelle og uformelle eigarmøte, går gjennom innkallingar, kartlegg behov for politisk drøfting av saker som skal opp i eigarmøta og eventuelt behov for å utarbeide fullmakt. Det går også fram at juridisk seksjon **gjennomgår informasjon** som selskapa er lovpålagt å sende til fylkeskommunen som eigar, og anna informasjon selskapa sender anten på eige initiativ eller fordi fylkeskommunen har bedt om ekstra rapportering. Seksjonen følgjer også opp ovanfor selskapet dersom det blir

¹⁴ Bybanen AS, Ferde AS, Skyttel AS, TH Eigedom IKS, Grieghallen IKS

vurdert at det er grunnlag for det eller dersom dei har spørsmål til noko av informasjonen som er sendt inn frå selskapa.

Juridisk seksjon **støttar også eigarrepresentantane i si utøving av rolla**, fører oversikt over møtedatoar og behov for avklaringar, og gjev informasjon ved behov. Seksjonen arkiverer alt av dokumentasjon fylkeskommunen mottok i samband med generalforsamlingar og elles, og denne informasjonen blir gjennomgått av administrasjonen både før møte og i samband med administrasjonen si **utarbeiding av eigarskapsmelding** og saksframlegg i samband med fylkestinget si handsaming av eigarskapsmeldinga.

Fram til 2022 handsama fylkestinget eigarskapsmeldinga årleg. I 2022 vedtok fylkestinget at eigarskapsmeldinga skal handsamast ein gong i løpet av fylkestingsperioden, og neste eigarskapsmelding er planlagt handsama i fylkestinget i første del av 2024. I intervju med fylkesordførar blir det peikt på at det blir opplevd som tilstrekkeleg at eigarskapsmeldinga blir lagt fram ein gong i løpet av valperioden. Han peiker på at det er meir føremålstenleg å bruke knappe ressursar på ei målretta oppfølging av selskapa som peiker seg ut med høg risiko enn at ein skal vurdere alle eigarskap årleg.

Fylkeskommunen viser til at juridisk seksjon også koplar på og samhandlar med andre avdelingar eller seksjonar ved behov, t.d. økonomiseksjonen dersom det er tale om å yte økonomiske bidrag eller investere ytterlegare midlar i selskap, eller avdeling for mobilitet og kollektiv ved behov for avklaring av kvar grensa går mellom rolla som eigar og rolla som offentleg styresmakt. I intervju blir det vist til at ein i fylkeskommunen bør halde fram med å styrke det tverrfaglege samarbeidet knytt til eigarskapsforvaltning mellom fagavdelingane i administrasjonen, då det er rom for forbetring i dette samarbeidet.

3.5.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at det er etablert gode system og rutinar for utøving av eigarskapsforvaltninga i Vestland fylkeskommune. I samsvar med KS si tilråding har fylkeskommunen gjennom juridisk seksjon etablert eit eigarskapssekretariat som fungerer som eit bindeledd mellom selskapa og fylkespolitikarane. Juridisk seksjon har mellom anna ansvar for å lage utkast til eigarbrev, innhente informasjon frå selskapa og støtte eigarrepresentantane for å mellom anna sikre at dei stiller tilstrekkeleg førebudd til generalforsamlingane.

3.6 Risikovurderingar knytt til eigarskapsforvaltninga og eigarskapsfortefølja

3.6.1 Datagrunnlag

I eigarskapsmeldinga 2021 blir det vist til at det bør gjennomførast ei risikovurdering, samt ei kostnad-/nyttevurdering, når fylkeskommunen vurderer **nye eigarskap**. Det blir vist til at ein i vurderinga av risiko, kostnad og nytte **som eit minimum bør vurdere finansiell risiko, risiko for at selskapet ikkje klarar å etterleve offentlege standardar innanfor innkjøpsreglement, habilitet, openheit og etikk, i tillegg til risiko for negativ påverknad på miljø og klima**. Det blir vist til at storleiken på eigardelen fylkeskommunen planlegg å erverve vil påverke vurderinga av kva krav som kan stillast til eigarskapen, og at det vidare vil vere relevant å ta stilling til om fylkeskommunen skal forvente utbyte frå selskapet.

Fylkeskommunen opplyser at det ikkje er etablert meir spesifikke rutinar eller retningslinjer for å sikre at ei slik risikoanalyse blir gjort når fylkeskommunen vurderer nye eigarskap. Det blir samtidig påpeikt at juridisk seksjon skal bli kopla på slike prosessar, då eigarskapsforvaltninga organisatorisk er lagt til dette området.¹⁵ Revisjonen får framvist eit døme på at det er gjort risikovurderingar ved handsaming av nytt eigarskap i Framtidas Hurtigbåt AS i 2022.¹⁶ Det er likevel ikkje tydeleg at dette blir gjort i alle tilfelle.

Når det gjeld **den eksisterande eigarskapsportefølja til fylkeskommunen**, så blir det i eigarskapsmeldinga vist til at Fylkestinget årleg og i samband med handsaminga av fylkeskommunen si eigarskapsmelding, skal ta stilling til om fylkeskommunen sine eigarskap framleis er føremålstenlege. Vurderingane kan munne ut i vedtak om å starte ein prosess med å avvike eigarskapen, og det blir vist til at det i tilfelle skal opprettast dialog med selskapsleiinga og andre eigarar. Det går fram at fylkeskommunen til dømes bør vurdere avvikling av eigarskap dersom dei opphavelge føresetnadane ikkje lenger er til stades, selskapet opptrer i strid med selskapet sitt føremål eller

¹⁵ E-post 26. juni 2023

¹⁶ Vestland fylkeskommune. *Framtidas Hurtigbåt del II – organisering*. Fylkestinget PS 10/2022, 16.03.2022.

Figuras revisjon og rådgivning. *Organisering av eierskap i prosjekt Fremtidens Hurtigbåt*. Desember 2021. Vedlegg i PS 10/2022 i Fylkestinget 16.03.2022.

selskapet har gjort seg skuldige i straffbare handlingar. I selskapsomtalen går det mellom anna fram økonomisk utvikling, viktige hendingar, viktige planar/utsikter framover og fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding. Vidare er det lagt inn mål med eigarskapen, vurdering av om fylkeskommunal eigarskap framleis er føremålstenleg og endeleg tilråding (vidareføre eller avslutte eigarskapen).

Fylkeskommunen peiker på at det i samband med utarbeiding av eigarskapsmeldinga har blitt gjennomført årlege møte med fylkesdirektør, avdelingsdirektør for organisasjon og økonomi og dei tilsette frå juridisk seksjon som arbeider med eigarskapsforvaltning, der eigarskapsportefølja til fylkeskommunen og fylkesdirektøren sine tilrådingar knytt til eigarskapen i kvart enkelt selskap har blitt gjennomgått. Det blir vist til at ein i desse møta også har hatt ein kort gjennomgang av dei ulike eigarskapa, og hendingar knytt til desse. Møtet blei ikkje gjennomført i 2022, då dette var første året der eigarskapsmeldinga ikkje skulle handsamast årleg. Praksis etter 2021 er at fylkestinget gjennomgår og vedtar eigarskapsmeldinga kvar fjerde år (meir om dette i avsnitt 4.3.1 om eigarskapsmelding). Dette inneber at eigarskapsmeldinga og informasjonen om dei einskilde selskapa ikkje er oppdatert undervegs i valperioden (etter 2021).

Det blir i intervju påpeikt at det er nødvendig å legge ein plan for kva eigarskap fylkeskommunen skal eller bør ha på lenger sikt. Det blir vidare peikt på at det er viktig at fylkeskommunen vurderer om det er føremålstenleg å ha eigardel i dei ulike selskapa, men også om det er til det beste for selskapet å ha ein offentleg eigar. Fylkesordførar peiker på at det er ei strategisk målsetjing for fylkeskommunen å være meir kritisk til kva selskap fylkeskommunen eig. Han viser vidare til at fylkeskommunen i større grad bør gi tilskot heller enn å gå inn som medeigar i selskap.

Fylkeskommunen opplyser at det ikkje blir gjennomført egne risikovurderingar av det administrative arbeidet med eigarskapsforvaltninga. Det blir samtidig peikt på at kapasitetsbehovet knytt til eigarskapsforvaltning blei kartlagt i samband med fylkeskommunesamanslåinga, og estimert til å utgjere om lag to årsverk.

Det går vidare fram at avdelingar og sektorar i fylkeskommunen, innan 1. mai 2023 skal ha gjennomført ROS-vurdering for drifta med særleg merksemd på kontinuitetsplanlegging. Denne ROS-vurderinga er framleis under utarbeiding i juridisk seksjon, og at overordna tema så lang har vore sak- og arkivsystem, juridisk rådgjeving, klagehandsaming og innsyn, gjennomføring av kommune- og fylkestingsval 2023 og folkevalde og møter i folkevalde organ og medverknadsorgan. Det blir påpeikt at eigarskapsforvaltninga delvis kan gå inn under nokre av desse overordna tema, men at det nyleg har blitt føreslege at eigarskapsforvaltning bør inngå i det vidare arbeidet med ROS-vurderinga.

3.6.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at fylkeskommunen ikkje har etablert tilstrekkelege system og rutinar for å sikre at det blir gjennomført risikovurderingar i forkant av at fylkeskommunen går inn i nye eigarskap. Krav til risikovurderingar ved inngåing av nye eigarskap er omtala eigarskapsmeldinga 2021, men det er ikkje utarbeidd nærare rettleiing for dette arbeidet (t.d. retningslinjer og malar) som sikrar at slike risikovurderingar blir gjennomført i praksis.

Fylkestinget gjennomgår eksisterande eigarskapsportefølje ved handsaming av eigarskapsmeldinga ein gong kvar valperiode, og det går fram av undersøkinga at det er lagt til rette for at fylkestinget gjer ei vurdering av risiko mellom anna knytt til økonomisk utvikling, viktige hendingar og planar framover, samt fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding. Basert på dette vedtar fylkestinget om eigarskapen skal vidareførast eller avviklast. Revisjonen har basert på undersøkinga som er gjennomført, ikkje indikasjonar på at dette ikkje er tilstrekkeleg for at fylkestinget kan vurdere risiko knytt til eksisterande eigarskapsportefølje. Samtidig påpeiker revisjonen i avsnitt 4.3.2 at KS tilrår at fylkestinget årleg får ei oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, gjerne med ein status knytt til økonomi, spesielle saker det siste året osv. På denne måten kan fylkestinget meir kontinuerleg følgje opp eigarskapa sine, og dermed ha eit betre grunnlag for å fortløpande vurdere risiko knytt til eigarskapa.

Undersøkinga viser at det ikkje har blitt gjennomført egne risikovurderingar av det administrative arbeidet med eigarskapsforvaltning. Revisjonen meiner at vil vere føremålstenleg å jamleg gjennomføre risikovurderingar som omfattar eigarskapsforvaltninga for å sikre tilstrekkeleg internkontroll på dette området.

3.7 Rutinar og system for oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltninga

3.7.1 Datagrunnlag

I Vestland fylkeskommune går system og rutinar for rapportering og oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltning i hovudsak fram av eigarskapsmeldinga.

Det er i utgangspunktet fylkesordførar og fylkesvaraordførar som er eigarrepresentant for fylkeskommunen, men som nemnt i avsnitt 3.3.1 er det etablert praksis for at hovudutvalsleiarar møter som eigarrepresentantar med skriftleg fullmakt frå fylkesordførar.

I eigarskapsmeldinga blir det vist til at mandatet til den som stiller som eigarrepresentant for fylkeskommunen går fram av fylkeskommunen sin overordna eigarskapspolitikk, det vedtekne føremålet og eventuelt eigarstrategien for det enkelte selskapet og tidlegare vedtekne standpunkt i enkeltsaker i fylkeskommunen. Det blir peikt på at eigarrepresentanten må gjere seg kjend med, og utøve rolla i samsvar med dette.

Det går vidare fram at eigarrepresentanten skal ha **instruks frå fylkesutvalet** dersom det er ekstraordinære eller særst viktige saker som skal opp i eigarmøte eller dersom det skal handsamast saker der fylkeskommunen ikkje tidlegare har tatt noko standpunkt. Som nemnt i avsnitt 3.3.1, er fylkesutvalet det utpeikte eigarorganet til fylkeskommunen. I eigarmeldinga er det skildra korleis eigarrepresentant skal innhente instruks frå fylkesutvalet i desse tilfella. I tillegg til at fylkesutvalet kan gi instruks om korleis eigarrepresentantar skal røyste i formelle eigarmøte, kan også fylkesutvalet på eige initiativ be eigarrepresentantar om å informere eller legge fram sak for utvalet. Det blir vist til at dette særskilt er aktuelt i samband med gjennomføring av generalforsamlingar og liknande. Fylkeskommunen opplyser at slik **munleg rapportering** førebels ikkje har vore gjennomført i praksis.

Som tidlegare nemnt i rapporten, mellom anna i avsnitt 3.5.1 om rutinar og system for utøving av eigarskapsforvaltninga, er det juridisk seksjon som har ansvar for å følgje opp fylkeskommunen si forvaltning av eigarskapa. I samband med gjennomføring av generalforsamlingar får eigarrepresentantane tilsendt eit **rapporterings skjema** frå juridisk seksjon. Det går fram av eigarskapsmeldinga at siste frist for å sende rapporten til fylkesdirektøren, ved juridisk seksjon, er 31. juli same år som møtet har funne stad, og at rapportert informasjon skal takast med inn i oppdateringa av informasjon om kvart selskap i del II av eigarskapsmeldinga. Mal for rapportering for eigarrepresentantane i 2021 ligg som vedlegg til eigarskapsmeldinga. I ein oppdatert mal for rapporterings skjema går det fram at eigarrepresentantane etter møte skal fylle ut rapporterings skjema så snart som råd og senast ei veke etter at møte er gjennomført. Det er vidare lagt inn oppdatert informasjon om kven i fylkeskommunen ein skal sende skjema til.

Det er lagt inn ein tabell i rapporterings skjema der representantane mellom anna skal fylle ut kva møte rapporten gjeld, om det er drøfta, gjennomført eller informert om byte av styremedlem, endring av vedtekter mv., om samfunnsansvar (t.d. antikorrupsjon, klima og menneskerettar) har vore tema i møte og om det blei gjort vedtak, gitt informasjon eller liknande som ikkje var ført opp på agenda for møtet. Juridisk seksjon skal arkivere og eventuelt følgje opp rapportert informasjon i dette skjema. I intervju blir det vist til at rapporterings skjemaet ikkje alltid blir fylt ut, då det varierer om eigarrepresentantar hugsar å gjere dette. Det blir vidare vist til at fylkesordførar grunna pressa kapasitet har ein avtale med juridisk rådgjevar om at han kan sende ein kort rapport på e-post i etterkant av møte.

I ein intern oversikt for juridisk seksjon etter eigarmøte gjennomført i 2021, går det fram at det har blitt levert rapport etter generalforsamling i 15 av selskapa fylkeskommunen har eigardel i. I oversikt for 2023 er det ikkje registrert mottekte rapporterings skjema frå eigarrepresentantane. Revisjonen har ikkje mottatt oversikt gjeldande for 2022.

I eit intervju blir det vist til at utfyllinga av rapporterings skjema nokre gonger kan vere ein rein formalitet, og særskilt i tilfella der det er gjennomført korte generalforsamlingar utan at det har vore særskilt viktige saker på agenda. Samtidig blir det peikt på tilfelle der det har vore behov for å rapportere gjennom skjemaet, til dømes eit tilfelle der styresamansettinga som blei føreslått på generalforsamlinga ikkje etterlevde krav til kjønnsbalanse, og der eigarrepresentanten gav tilbakemelding på at dette ikkje var tilstrekkeleg og at fylkeskommunen forventa at dette skulle vere på plass til neste eigarmøte.


Når det gjeld oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltning, så viser fylkeskommunen til at juridisk seksjon fortløpande gjennom året registrerer varsla møtedatoar for aksjeselskap, IKS og andre føretak fylkeskommunen er del av i eit Excel-skjema. I dette skjemaet er det mellom anna registrert om kontrollutvalet skal ha møtevarsel, kva eigardel fylkeskommunen har i selskapet, tid og stad for møte og kven som skal delta som eigarrepresentant. For aksjeselskapa er det vidare mogleg å legge inn om det er behov for, og eventuelt sendt over skriftleg fullmakt til eigarrepresentant.

Det blir i intervju vist til at juridisk seksjon handsamar e-postar og innkallingar mv. frå selskapa på ein god måte, og det blir peikt på at eigarrepresentantar får god hjelp frå administrasjonen når det gjeld oppfølging av eigarskapa. Det blir vidare vist til at administrasjonen bidreg med å førebu eigarrepresentantane i forkant av møte i eigarorgana, og at slik førebuing skjer uformelt, over e-post, gjennom korte samtaler eller ved interne

formøte. Formøte blir som regel gjennomført når det står viktige eller krevjande saker på agendaen, eller dersom det er generalforsamling i strategisk viktige selskap. Fylkesordførar, fylkesdirektør og fylkesvaraordførar kan møte i slike formøte, samt administrativ tilsette med ansvar for eigarskapsforvaltning. Slike formøte blir gjennomført ved behov.

Styremedlemmane og styreleiarane som deltok i spørjeundersøkinga blei bedt om å svare på i kva grad dei opplever at fylkeskommunen utøver ei føremålstenleg eigarskapsforvaltning. Om lag halvparten av respondentane (49 prosent) svarta at dei samla sett opplever at fylkeskommunen «i stor grad» utøver ei føremålstenleg eigarskapsforvaltning, medan 41 prosent svarta «i nokon grad». 8 prosent av respondentane (3 av respondentane) opplever at fylkeskommunen «i liten grad» utøver ei føremålstenleg eigarskapsforvaltning.

Figur 1: Oppleving av fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning



I spørjeundersøkinga fekk alle respondentane høve til å kome med innspel til tema i spørjeundersøkinga eller kommentarar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning. Det er 13 respondentar som har lagt inn innspel, og det blir mellom anna peikt på at løpande eigarskapsforvaltning blir godt ivaretatt og at fylkeskommunen har blitt ein meir aktiv eigar det siste året. Det blir samtidig peikt på at det i periodar har vore krevjande å samarbeide med fylkeskommunen, grunna sein respons og dårleg kommunikasjon.

3.7.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at Vestland fylkeskommune har etablert system og rutinar for rapportering og oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltning. Undersøkinga viser at fylkeskommunen har system og rutinar for å halde oversikt over møta i eigarorgana, og det går fram av undersøkinga at det fungerer godt at eigarrepresentantar ved behov får støtte frå juridisk seksjon til å førebu seg og drøfte saker i forkant av møte i eigarorgana.

Fylkeskommunen har vidare etablert system og rutinar for at eigarrepresentantar rapporterer skriftleg til juridisk seksjon etter møte i eigarorgan, men undersøkinga viser at dette i liten grad blir gjennomført i praksis. Det går vidare fram av eigarskapsmeldinga at fylkesutvalet kan be om munnleg rapportering frå eigarrepresentantar. Revisjonen vurderer at fylkeskommunen bør sikre at viktig informasjon etter gjennomførte møte i eigarorgan blir rapportert tilbake til fylkeskommunen, slik at fylkeskommunen som eigar sikrar at informasjonen blir fanga opp og eventuelt tatt inn i eigarskapsmeldinga.

Revisjonen vil påpeike at fristane for å fylla ut og sende inn rapporteringsskjema etter deltaking i eigarmøte er ulike i eigarskapsmeldinga og i rapporteringsskjemaet og at fylkeskommunen må sikre at det er tilstrekkeleg tydeleg for eigarrepresentantane kva som er frist for å sende rapporteringsskjema.

Svar på spørjeundersøkinga indikerer at styremedlemmar i hovudsak er nøgd med fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning. Totalt svarar om lag halvparten av respondentane (49 prosent) at fylkeskommunen «i stor grad» utøver ei føremålstenleg eigarskapsforvaltning, medan 41 prosent svarar «i nokon grad» på dette spørsmålet.

4 Eigarskapsforvaltning

4.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad har fylkeskommunen ei eigarskapsforvaltning som er i samsvar med relevante lovkrav og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Under dette:

- Har fylkeskommunen ei eigarskapsmelding som gir tydelege føringar for korleis eigarskapen skal forvaltast?
- Er det utarbeidd ein tydeleg strategi for den enkelte eigarskapen til fylkeskommunen med mål og krav til selskapa?
- I kva grad har folkevalde fått tilstrekkeleg opplæring i fylkeskommunal eigarskapsforvaltning?
- Kva rutinar har fylkeskommunen for å sikre god samansetning og kompetanse (samt opplæring) i selskapsstyra (inkludert rutinar for valkomitear)?
- Kva rutinar er etablert for kommunikasjon og informasjon mellom selskapa og fylkeskommunen, under dette også system og rutinar for eigarrepresentasjon og deltaking på eigarmøte?
- I kva grad stiller fylkeskommunen krav til selskapa om:
 - Etisk retningslinjer
 - Registrering av styreverv
 - Godtgjersle
 - Habilitetsvurderingar
 - Styreinstruks
 - Styreevaluering
 - Årleg plan for styret
 - Årleg gjennomgang av den interne kontrollen.

4.2 Kontrollkriterier

Krav til fylkeskommunen når det gjeld eigarskapsforvaltning blir utleia frå kommunelova § 26-1 om eigarskapsmelding, aksjelova, IKS-lova, KS sine tilrådingar om eigarstyring og NUES sine tilrådingar om eigarstyring og selskapsleiing.

Fylkeskommunen *skal*:

- Minst ein gong i valperioden utarbeide eigarskapsmelding der det mellom anna skal gå fram oversikt over selskap, fylkeskommunale føretak og andre verksemder som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i (kommunelova § 26-1).
- Sørge for at styra til interkommunale selskapa og aksjeselskapa med meir enn 2/3 offentleg eigarskap er samansett i samsvar med aksjelova § 20-6 (IKS-lova § 10 og kommunelova § 21-1).
- Utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering, ha nødvendige rutinar og prosedyrar, avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik og evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll (kommunelova § 25-1).

Fylkeskommunen *bør*:

- Sørge for at alle folkevalde får tilstrekkeleg opplæring i eigarskapsforvaltning tidleg i valperioden (KS, tilråding 3).
- Utarbeide ei årleg eigarskapsmelding eller rapport om selskapa for fylkestinget, som sørger for at dei folkevalde blir haldt tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga til selskapa (KS, tilråding 4).
- Utarbeide eigarstrategiar med mål og krav til selskapa, spesielt for dei strategisk viktige selskapa eller selskap der vedtektene/selskapsavtalen berre omtalar minimumskrava i den aktuelle selskapslova (KS, tilråding 5).
- Sørge for at vedtektene til aksjeselskapa inneheld føresegn om innkallingsfrist til generalforsamling som sikrar fylkeskommunen tilstrekkeleg til å handsame viktige saker i forkant av møte (KS, tilråding 8).

- Sørge for at selskapa sine sentrale styringsdokument blir revidert jamleg (KS, tilråding 5).
- Arbeide for at selskapa vedtektsfestar bruk av valkomité (NUES kapittel 7, KS tilråding 10). Generalforsamlinga bør fastsette retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, velje kven som skal sitte i valkomiteen og fastsette godtgjering. Valkomiteen bør vere samansett på ein måte som sikrar at aksjonærfellesskapet sine interesser blir ivareteke og fleirtalet i komiteen bør vere uavhengige frå selskapet si leiing. Valkomiteen bør ha kontakt med aksjeeigarane, styret og dagleg leiar for å føreslå kandidatar til styret.
- Sørge for at selskapa sine styre blir samansett på ein måte som ivareteke aksjonærfellesskapet sine interesser, samt selskapet sine behov for kompetanse, kapasitet og mangfald (NUES, kapittel 8). Vidare bør det bli gjort vurderingar kring habiliteten til dei som blir valt inn styra, for å sikre at vedkommande ikkje vil måtte fråtre i mange saker grunna dobbelroller, særleg med omsyn til sentrale folkevalde og tilsette i fylkeskommunale leiarstillingar (KS, tilråding 9).
- Unngå at dei same personane sitt i styra til både mor- og dotterselskap (KS, tilråding 15).

Sjå vedlegg 2 for utfyllande kontrollkriterium.

4.3 Eigarskapsmelding med tydelege føringar for eigarskapsforvaltning

4.3.1 Datagrunnlag

Det er utarbeidd eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommunen for inneverande valperiode. Siste versjon av eigarskapsmeldinga blei vedteken i fylkestinget 16.12.2021. Det går fram at det etter planen skal vedtakast ny eigarskapsmelding for fylkeskommunen i starten av 2024.

Vestland fylkeskommune utarbeidde/reviderte eigarskapsmeldinga årleg frå 2019 til 2021. I sak 98/2022 til fylkestinget i september 2022 blir det vist til at praksis med årleg revidering av eigarskapsmeldinga går lenger enn kravet i kommunelova om å vedta ei eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden, og det blir vidare peikt på at prosessen med utarbeiding av meldinga var svært ressurskrevjande for fylkeskommunen. Fylkesdirektøren foreslo derfor at fylkeskommunen følgjer minstekravet i kommunelova om å utarbeide eigarskapsmelding ein gong i valperioden. Dette blei samrøystes vedtatt både i fylkesutvalet og fylkestinget.¹⁷

Eigarskapsmeldinga er del av fylkeskommunen si eigarstyring og eigenkontroll, og det går fram av eigarskapsmeldinga at det er ei målsetting at den skal sikre føremålstenleg forvaltning av dei verdiar og tenester som er lagt ut i selskap og liknande. Det blir vidare vist til at eigarskapsmeldinga skal dokumentere og tydeleggjere fylkeskommunen si eigarstyring og bidra til openheit.

Eigarskapsmeldinga er delt i to hovuddelar: Eigarskapspolitikk (Del I) og Verksemdsoversikt (Del II). Oppsettet for del I av eigarskapsmeldinga går fram av tabellen under.

Tabell 4: Innhald i del I av eigarskapsmeldinga 2021

Del I: Eigarpolitikk og eigarstyring

Kapittel	Innhald
Kapittel 1: Fylkeskommunal eigarskap	I dette kapittelet blir det vist til fem overordna føremål for fylkeskommunal eigarskap . Vidare er det utarbeidd moment fylkeskommunen skal ta stilling til når dei vurderer nye eigarskap: Eigna organisering, risiko, kostnad og nytte og tidshorisont. Kapittelet går deretter inn på moment i vurderinga av om eigarskap framleis er føremålstenlege, og viser til at ei slik vurdering skal gå fram av selskapskildringa for kvart selskap i del II av eigarskapsmeldinga. Det blir vidare peikt på at det kan vere føremålstenleg å vedta eigarstrategiar for det einskilde selskapet, eller for ei gruppe av selskap, og at det ved behov kan etablerast aksjonæravtale for å regulere tilhøvet mellom eigarar.
Kapittel 2: Forventningar til selskapa og prinsipp	Her blir det vist til at selskap mv. som fylkeskommunen har eigardel i skal etterleve gjeldande lovar og reglar. Meldinga går deretter særskilt inn på lovar og reglar for økonomistyring og rekneskap, rapportering, sakshandsaming og tilrettelegging og reglar for offentleg eigde selskap. Det blir vidare gjort greie for mellom anna rolla og ansvaret til formelle eigarmøte og styre . Det blir vidare tilrådd at

¹⁷ Det går fram av politisk sak 98/2022 i fylkestinget den 28.09.2022 at årleg revidering av eigarskapsmeldinga var i samsvar med orientering den noverande fylkesdirektør hadde for fellesnemnda i 2019¹⁷ og i samsvar med det fleirtalskoalisjonen i fylkestinget ønska i samband med samanslåinga av fylkeskommunane.

fylkeskommunen vil styre ut frå. selskapa har eigen **valkomité**, samt presentert **prinsipp og utgangspunkt som skal ligge til grunn for fylkeskommunen si stemmegjeving i saker om godgjersle for styreverv**. Eigarskapsmeldinga viser vidare til at selskapa skal ha **oppdaterte og tydelege styringsgrunnlag**, samt prosedyrar og rutinar for internkontroll mv. Fylkeskommunen presenterer **10 overordna forventingar til selskapa knytt til samfunnsansvar og etikk**, og spesifikke forventingar innan områda klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid mot korrupsjon.

Kapittel 3: Eigarstyring I kapitlet blir det vist til kvar, korleis og på kva grunnlag fylkeskommunen utøver sin eigarstyring, kven som representerer fylkeskommunen som eigarrepresentant og korleis eigarrepresentanten skal rapportere frå møte i eigarorgana og kven som har kva **rollar og ansvar i eigarskapsforvaltninga** til fylkeskommunen. Vidare blir det skildra kva **opplæring** folkevalde får, kva interessekonfliktar og habilitetsrettslege problemstillingar folkevalde må vere merksemd på, kva reglar som gjeld for innsyn i eigarsaker, korleis styremedlem og valnemndsmedlemer blir utpeikt og kva **eigenkontroll** fylkeskommunen har med eigarstyringa.

Som framstilt i tabellen over skildrar del I av eigarskapsmelding dei overordna føremåla for fylkeskommunalt eigarskap, kva forventningar fylkeskommunen har til selskapa, fylkeskommunen sine prinsipp for eigarskapsforvaltning, samt kven som har kva rollar og ansvar og korleis eigarstyringa skal bli utøvd (meir om fylkeskommunen sine krav til selskapa dei har eigardel i under avsnitt 4.8.1 i denne rapporten).

Fylkeskommunen sine eigarskap er presentert i del II av eigarskapsmeldinga 2021. Under omtalen av kvart selskap blir det mellom anna kort presentert føremål med fylkeskommunen sin eigarskap samt mål for eigarskapen. Der det er aktuelt, er det også lagt inn relevante fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding (2020). For nokre av selskapa er det etablert eigne eigarskapsstrategiar, dette er nærare omtalt i avsnitt 4.4.1 under.

I intervju kjem det fram at det ikkje er vedteke praksis med å legge fram årlege oppdateringar/rapportar om tilstanden i selskapa utanom eigarskapsmeldinga. Frå administrativt hald blir det peikt på at dette kunne ha vore nyttig, men at kostnaden må vurderast opp mot nytta og ressursituasjonen i fylkeskommunen.

4.3.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at Vestland fylkeskommune har ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i kommunelova. Eigarskapsmeldinga er handsama i inneverande valperiode, den inneheld fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring og den inneheld ei oversikt over alle fylkeskommunen sine eigarskap i 2021. Revisjonen vurderer vidare at eigarskapsmeldinga gir tydelege føringar for korleis eigarskapen til fylkeskommunen skal forvaltast. Kapittel 3 av eigarskapsmeldinga skildrar mellom anna kven som har kva ansvar og rollar i eigarskapsforvaltninga og rolle og krav til eigarskapsrepresentantar.

Eigarskapsmeldinga ligg vidare tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider og lenke til gjeldande eigarskapsmeldinga blir formidla i årleg brev til selskapa. Dette er i samsvar med KS si tilråding om å sikre at eigarskapsmeldinga er kommunisert og tilgjengeleg for selskapa sine organ og ålmenta.

Undersøkinga viser at det ikkje blir lagt fram årleg rapport til fylkestinget om tilstanden for selskapa fylkeskommunen har eigardel i. Revisjonen merkar seg at fylkestinget har vedtatt at eigarskapsmeldinga skal handsamast kvart fjerde år (i samsvar med kommunelova), ettersom det blir opplevd som arbeidskrevjande å gjere ei ny vurdering av eigarskapsmeldinga kvart år. KS meiner at dersom fylkeskommunen har eigardelar i mange selskap kan det vere føremålstenleg å ta eigarskapsmeldinga opp til vurdering oftare enn ein gong i valperioden. Samtidig anerkjenner KS at det kan vere krevjande å gjere ei full vurdering av eigarskapen kvart år. KS tilrår derfor at fylkestinget årleg får ei oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, gjerne med ein status knytt til økonomi, spesielle saker det siste året osb. Dette vil gi dei folkevalde jamleg oversikt over kva selskap fylkeskommunen eig og om det er planar for vesentlege endringar. Det blir påpeikt at det ikkje er behov for å vurdere resten av eigarskapsmeldinga årleg.

4.4 Strategi for eigarskapen

4.4.1 Datagrunnlag

Fylkeskommunen viser til at føremål med eigarskap i dei enkelte selskapa går fram av del II eigarskapsmeldinga 2021, og at det i del I av eigarskapsmeldinga går fram overordna eigarpolitikk i fylkeskommunen med inndeling av selskapa i klassar av eigarskap, og overordna føremål med fylkeskommunen sitt eigarskap i dei ulike gruppene av

selskap (sjå tabell 3 på side 17). I del I går det også fram kva krav fylkeskommunen har til selskapa dei har eigardel i når det gjeld etiske retningslinjer, registrering av styreverv, godtgjersle, habilitetsvurderingar, styreinstruks, styreopplæring og styreevaluering, årleg plan for styra og årleg gjennomgang av dei viktigaste risikoområda og internkontroll i selskapa. Eigarskapsmeldinga blir, saman med eigarbrev, årleg formidla til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i.

Fylkeskommunen har ikkje utarbeidd eigarstrategiar for alle selskapa dei har eigardel i. Det blir vist til at fylkeskommunen starta opp arbeidet med eigne eigarstrategiar for eigarskapen i 2020, og at dette arbeidet vil halde fram dei komande åra. Det blir vist til at arbeidet skal leie fram til at det blir etablert eigarstrategi for alle eigarskapa til fylkeskommunen. I intervju blir det vist til at dette er ein pågåande prosess, og at fylkeskommunen har gjort ei vurdering av for kva selskap behovet for eigarstrategiar var størst for deretter å utarbeide strategi for desse selskapa. Fylkesordførar viser til at det blir gjort ei vurdering av selskapa i samband med oppdateringa av eigarskapsmeldinga (del II av eigarskapsmeldinga), og at dette dannar utgangspunktet for kva selskap fylkeskommunen bør utarbeide eigarstrategiar for. Det blir vidare peikt på at juridisk seksjon har kopla på andre fageiningar i arbeidet med eigarstrategiane.

Vestland fylkeskommune har utarbeidd eigarstrategi for Bybanen AS, Ferde AS, Skyttel AS, TH Eigedom IKS og Grieghallen IKS. Det er vidare utarbeidd ein felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene som fylkeskommunen har eigardel i.¹⁸

Eigarstrategiane for **Bybanen AS, Ferde AS og Skyttel AS** er relativt like i oppsett og omfang, og har som formål å «definere kva som skal vere kjerneområdet for selskapet si verksemd, fastsette rammer for organiseringa og gje rammer for eigarstyring og selskapsleiing». Det går fram at strategiane skal reviderast ved behov, men minimum éin gong i løpet av fylkestingsperioden.¹⁹ I eigarstrategiane for dei tre selskapa er det innleiingsvis skildra bakgrunn for selskapa og føremål og overordna målsetting med selskapa. Deretter blir ulike mål og krav skildra: krav til selskapa si verksemd, krav til styret, krav om valkomité, mål for eigarskapsutøving, resultatmål og krav til rapportering frå selskapa til eigar(ane).

Eigarstrategiane for **Grieghallen IKS og TH eigedom IKS** er relativt likelydande som for dei tre aksjeselskapa. Også her blir bakgrunn for dei interkommunale samarbeida skildra innleiingsvis, og det er lagt inn krav til selskapet si verksemd, krav til styret, krav om valkomité, mål for eigarskapsutøving og resultatmål. Det går fram av desse to eigarstrategiane at dei skal reviderast ved behov.

Den felles **eigarstrategien for arbeidsmarknadsbedriftene** er vedtatt av fylkestinget i juni 2022. Strategien for desse verksemdene er meir omfattande enn dei andre eigarstrategiane, då det i tillegg til fylkeskommunen sine mål og krav til selskapa når det gjeld drift, selskapsstyra, organisering og rapportering/eigardialog også mellom anna er lagt inn ein kort omtale av kvar av selskapa, ei overordna forklaring om arbeidsmarknadsbedrifter generelt og det blir vist til relevante mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland fylkeskommune²⁰. I intervju blir det vist til at arbeidsmarknadsbedriftene blei involvert i prosessen då fylkeskommunen utarbeida eigarstrategien for desse verksemdene.

Revisjonen har fått tilsendt vedtekter for 29 av selskapa fylkeskommunen har eigardel i. Ein gjennomgang av vedtektene viser at dei fleste vedtektene i hovudsak omfattar minimumskrava til selskapsvedtekter i aksjelova (§ 2-2) eller IKS-lova (§ 4), medan nokre av vedtektene inneheld noko meir informasjon (t.d. om krav til kjønnsrepresentasjon i styret, frist for innkalling til generalforsamling o.l.).²¹ For 9 av dei 21 selskapa med vedtekter som omfattar minimumskrav er det utarbeidd eigarstrategi (Bybanen AS, Ferde AS, Skyttel AS og 6 arbeidsmarknadsbedrifter).

Respondentane som deltok i spørjeundersøkinga fekk spørsmål om i kva grad dei opplever at fylkeskommunen har utarbeidd tydelege mål og strategi for sitt eigarskap i selskapet. Som framstilt i figuren under svarar totalt 38 prosent av respondentane at fylkeskommunen «i stor grad» har utarbeidd tydelege mål og strategi, medan 46 prosent svarer at fylkeskommunen «i nokon grad» har dette. 13 prosent av respondentane svarer at fylkeskommunen «i liten grad» har utarbeidd tydeleg mål og strategi for sitt eigarskap.


¹⁸ Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, Movia Holding AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS og Sogneprodukt AS.

¹⁹ Strategiane for Bybanen AS, Ferde AS og Skyttel AS er vedtekne i inneverande fylkestingsperiode.

²⁰ Vestland fylkeskommune. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi. Vedtatt i Fylkestinget 29.09.2020.

²¹ Minstekravet til vedtektene etter aksjelova er at dei skal gjere greie for 1) selskapet sitt føretaksnamn, 2) selskapet si verksemd, 3) storleik på aksjekapitalen og 4) aksjane sitt pålydande (nominelle beløp).

Figur 2: Tydeleg mål og strategi for eigarskap i selskapa?



4.4.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at eigarstrategiane som er utarbeidd av Vestland fylkeskommune inneheld sentrale rammer, føringar og forventningar til selskapet frå eigar(ane). Det er etablert eigarstrategi for tre aksjeselskap og to IKS, samt felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene som fylkeskommunen har eigarskap i. Det er etablert mål og krav til selskapa i alle eigarstrategiane, mellom anna krav til styrearbeid, krav til selskapa og resultatmål. Revisjonen har basert på undersøkinga som er gjennomført, ikkje indikasjonar på at dei utarbeide eigarstrategiane ikkje er tilstrekkeleg tydelege.

Fylkeskommunen har ikkje etablert eigarstrategi for alle strategisk viktige selskap slik KS tilrår. Revisjonen vurderer, i samsvar med tilrådingar frå KS, at det vil vere føremålstenleg å utarbeide eigarstrategi for selskap som er strategisk viktige for fylkeskommunen, og som har vedtekter/selskapsavtalar som regulerer minstekrav etter den aktuelle selskapslova. Det kan vidare vere eit føremon å utarbeide eigarstrategi for strategisk viktige selskap der fylkeskommunen er ein av fleire eigarar. Ved å utarbeide felles eigarstrategi kan eigarane kommunisere tydeleg kva dei som eigarar ønskjer å oppnå med eigarskapen, og gi tydelege eigarføringar ovanfor styra. Revisjonen merkar seg likevel at fylkeskommunen har som mål å utarbeide eigarstrategi for alle selskapa dei har eigarskap i.

Revisjonen merkar seg at fylkeskommunen gjennom eigarskapsmeldinga har etablert overordna mål og krav til selskapa dei har eigardel i, kva som er målet til fylkeskommunen som eigar av kvart av selskapa, og vidare kva som er føremålet til selskapa som verksemd. Svar frå respondentane i spørjeundersøkinga indikerer vidare at mål og strategi for fylkeskommunen sitt eigarskap i selskap er relativt tydeleg; 38 prosent av respondentane meiner at fylkeskommunen «i stor grad» har utarbeidd tydelege mål og strategi, medan litt under halvparten av respondentane (46 prosent) opplever at fylkeskommunen «i nokon grad» har utarbeidd tydelege mål og strategi for eigarskapen i selskapet der dei er styremedlem. Revisjonen meiner at dette viser at det er eit potensial for å kommunisere enda tydelegare ovanfor selskapa kva som er fylkeskommunen sitt mål som eigar av selskapet.

4.5 Opplæring av folkevalde

4.5.1 Datagrunnlag

I eigarskapsmeldinga 2021 er det etablert rutinar for opplæring av folkevalde i eigarstyring mv. Det går her fram at folkevalde i fylkeskommunen skal få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging innan seks månadar etter fylkesvalet. Det går vidare fram av eigarskapsmeldinga at eigarrepresentantane, og andre med sentrale politiske leiarfunksjonar, vil få særskilt opplæring om eigarrepresentasjon, og at det er opp til fylkesutvalet å ta stilling til om det er behov for meir opplæring utover dette.

Fylkeskommunen gjennomførte eigarskapsopplæring for medlemmane i fylkestinget i juni 2020 i form at eit digitalt kurs som omhandla både eigarstyring og selskapsleiing.²² I samband med «politikardagen» i februar 2021 gjennomførte juridisk seksjon opplæring om fylkeskommunale eigarskap, eigarstyring og selskapsleiing. Tema her var kva fylkeskommunen skal eige, korleis fylkeskommunen skal forvalte og utøve eigarskap, og eigarskap sett opp mot andre måtar å drive samfunnsutvikling på. Det blei også kort informert om dei ulike rammene og krava eigar og selskapa må forhalde seg til, kva som er styret sitt ansvar og den einkilde styremedlemen si rolle. Det går fram at det var fylkestinget som tok initiativ til denne opplæringa på politikardagen.

Det blir i intervju med representant for juridisk seksjon peikt på at politikarane er engasjerte og interesserte i fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning, og at dei folkevalde sjølv ytrar ønske om å få opplæring i eigarskapsforvaltning, mellom anna gjennom innspel til fastsetting av tema på politikardagen i 2021 og i samband med handsaming av politiske saker. Det blir vidare peikt på at politikarane verkar å ha god innsikt i dei ulike eigarskapa til fylkeskommunen ved handsaminga av eigarskapsmeldinga. Det blir haldt fram at det i eigarskapsmeldinga blir rapportert om tilstanden og den økonomiske utviklinga i selskapa, og at dei folkevalde gjennom dette verkar å ha tilstrekkeleg kjennskap til den økonomiske situasjonen i selskapa som fylkeskommunen har eigardel i.

I intervju blir det i hovudsak vist til at folkevalde får tilstrekkeleg opplæring i eigarskapsforvaltning, og at dei folkevalde har fått ein god gjennomgang av fylkeskommunen sine eigarstrategiar. Det blir også påpeikt at eigarskapsmeldinga er eit nyttig oppslagsverk for opplæring i eigarskapsforvaltning og eigarstyring mv. Noverande og tidlegare eigarskapsmeldingar, samt informasjon om fylkeskommunen som eigar mv. ligg tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider.²³

Det blir samtidig i intervju peikt på at fylkeskommunen si valnemnd arbeider med nominasjon av styremedlemmar i starten av kvar valperiode, oftast frå februar til mars, i tillegg til at eigarskapsmeldinga skal bli oppdatert i starten av kvar valperiode. Det blir vist til at fleire politikarar på dette tidspunktet ennå ikkje har så mykje kunnskap og kompetanse når det gjeld fylkeskommunen sine eigarskap, og at det derfor det vil vere føremålstenleg med ein grundig gjennomgang av fylkeskommunen sine eigarskap og fylkeskommunal eigarskapsforvaltninga tidleg i kvar valperiode for å sikre at dei folkevalde, inkludert valnemnda, har tilstrekkeleg kunnskap på desse områda.

Vidare blir det påpeikt at nokre av dei folkevalde manglar kunnskap om kvifor det er viktig at fylkeskommunen har eigardel i selskap. Dert blir særskilt peikt på manglande kunnskap om historikken til kvart eigarskap, og til dømes kva omsyn som tidlegare har blitt tatt når det gjeld geografi, kommunar og historiske avtalar. Det blir vist til at det kunne ha vore føremålstenleg at politikarane fekk ein intern gjennomgang av fylkeskommunen sine eigarskap, føremålet med eigarskapen og historikken knytt til eigarskapen.

I spørjeundersøkinga som gjekk ut til utvalde styreleiarar og styremedlem fekk respondentane spørsmål om dei er folkevalde i Vestland fylkeskommune. Dei som svara «ja» på dette spørsmålet fekk vidare spørsmål om dei opplever at det er sikra tilstrekkeleg opplæring av folkevalde i fylkeskommunal eigarskapsforvaltning. 70 prosent svara «ja» på dette spørsmålet, medan 30 prosent svara at det ikkje er sikra tilstrekkeleg opplæring.²⁴ Dei som svara «nei» fekk eit oppfølgingsspørsmål der dei blei bedt om å utdjupe kva opplæring dei eventuelt sakna på dette området. Her svarar to respondentar at dei ikkje har fått opplæring frå fylkeskommunen i det heile, og det blir av to respondentar gitt innspel om opplæring i fylkeskommunen sitt føremål og strategi for eigarskapen i selskapet, samt krav til rapportering og ansvar og mynde i eigarskapsforvaltninga.

4.5.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det er etablert rutinar for opplæring i eigarskapsforvaltning for folkevalde i Vestland fylkeskommunen, og at slik opplæring er gjennomført i inneverande valperiode. Revisjonen har basert på undersøkinga som er gjennomført, ikkje indikasjonar på at opplæringa ikkje er tilstrekkeleg. Samtidig merkar revisjonen seg at det i undersøkinga blir etterlyst meir opplæring knytt til fylkeskommunen sitt føremål med ulike eigarskap, samt historikken bak dei ulike eigarskapa til fylkeskommunen.

Undersøkinga viser også at opplæringa i fylkeskommunal eigarskapsforvaltning som er gjennomført i inneverande valperiode ikkje er gjennomført innan tidsavgrensinga som er vedtatt i eigarskapsmeldinga. Det går i eigarskapsmeldinga fram at opplæringa bør gjennomførast innan seks månadar etter fylkesvalet (nytt fylkesting

²² Eigarskapsopplæringa blei gjennomført av Deloitte AS.

²³ www.vestlandfylke.no/om-oss/korleis-fylkeskomune-eig/

²⁴ N=13.

var konstituert i oktober 2019), medan opplæringa blei gjennomført i høvesvis juni 2020 og februar 2021. Revisjonen vurderer at fylkeskommunen bør sikre opplæring av folkevalde tidleg i valperioden, i samsvar med eigne føresegner om dette i eigarskapsmeldinga og tilrådingar frå KS.

4.6 Styresamansetting

4.6.1 Datagrunnlag

Rutinar for å sikre god samansetting og kompetanse i selskapsstyra

Vestland fylkeskommune sine prosedyrar for val og nominering av styremedlemmar er skildra i eigarskapsmeldinga del I og Reglement for folkevalde organ og delegering.²⁵

Fylkestinget nominerer personar til styreverv og liknande etter innstilling frå **fylkeskommunen si eiga valnemnd**.²⁶ I det konstituerande møtet til fylkestinget blir det vald ei valnemnd for heile valperioden. I reglement for valnemnda²⁷ går det fram at valnemnda bør ha 13 medlemmar som reflekterer den politiske samansettinga i fylkestinget, og at alle partia skal vere representerte i nemnda.²⁸ I reglementet står det vidare kort skildra kva oppgåver som ligg til valnemnda og det går fram at sakshandsamingsreglene i fylkeskommunen gjeld for denne nemnda.

I eigarskapsmeldinga blir fylkeskommunen si valnemnd omtalt, og det går her fram at det er viktig at det er tett kontakt mellom selskapa sine valkomitear og fylkeskommunen si valnemnd for å sikre at kandidatar som blir peikt ut til å sitje i styra har riktig kompetanse og kapasitet. Dersom det er behov for at fylkeskommunen føreslår alternative kandidatar til eit verv, t.d. for å sikre den samla kjønnsbalansen i styret, må valkomiteen informere valnemnda om dette. Det er vidare vist til at fylkeskommunen ved utpeiking av styrerepresentantar bør vurdere om det kan oppstå ikkje-ønskjelege habilitetskonfliktar for den som blir utpeikt

Det er **ikkje utarbeidd skriftlege rutinar eller retningslinjer for arbeidet i valnemnda** utover det som ligg i reglement for valnemnda og eigarskapsmeldinga. I intervju blir det peikt på at det er ønskeleg at slike retningslinjer blir utarbeidd, og vist til at det har blitt starta opp eit arbeid i valnemnda for å få etablert dette. Det går fram at arbeidet med retningslinjer har blitt utsett grunna utfordringar knytt til kapasitet, men at det er ei målsetting at utkast til slike retningslinjer blir klare til hausten 2023 slik at ny valnemnd og fylkestinget kan ta stilling til desse.

Det er juridisk seksjon som førebur saksgrunnlaget for nominering av styremedlemmar i fylkestinget. I saksgrunnlaget blir det opplyst om selskapet, forretningsområde, føresegner om styret i dei enkelte selskapsvedtektene, krav til kjønnsbalanse, ønska kompetanse mv. Saka blir først sendt til valnemnda som fyller inn moglege kandidatar, og deretter går innstillinga vidare til fylkestinget.

Det blir peikt på at valnemnda i hovudsak leiter etter moglege styrekandidatar blant dei folkevalde i fylkestinget, men at dei også kontaktar styreleiarane for å diskutere kva kompetanse det er behov for i selskapa. Innspel frå selskapa kan til dømes vere at det er ønskeleg med kandidatar med bakgrunn frå næringslivet, og juridisk seksjon sørger for at desse innspela kjem med i saksgrunnlaget til styrevalet. I intervju blir det vist til at juridisk seksjon i fylkeskommunen gir god bistand til valnemnda, mellom anna knytt til juridiske spørsmål. Det blir til dømes peikt på at det ofte kan ligge føresegner i vedtektene til selskapa som har betydning for kven som skal bli vald inn i styret, og at juridisk seksjon bidreg med informasjon om dette.

I intervju blir det vist til at det ikkje blir utarbeidd skriftlege grunngevingar for kandidatane som blir nominert til styreverv av valnemnda, men at det er semje i valnemnda om at dette bør gjennomførast framover. Det blir vist til at det er juridisk seksjon som skal legge til rette for at grunngevinga for nominasjonar skal skriftleggjerast. Det blir samtidig påpeikt at arbeidet med å grunnkje nominasjon av kandidatar kan bli vanskeleg å oppretthalde i praksis på grunn av arbeidsmengda til valnemnda.

Rutinar for å sikre bruk av valkomité i selskapa

Fylkeskommunen viser til at dei på generelt grunnlag oppmodar selskapa til bruk av valkomité, i tråd med KS si tilråding om dette. I **eigarskapsmeldinga** 2021 går det fram at:

²⁵ Vestland fylkeskommune. Reglement for folkevalde organ og delegering. Sist oppdatert i desember 2022.

²⁶ Fylkesutvalet har mynde til å velje eller nominere kandidatar til ulike organ når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla. Vestland fylkeskommune. Reglement for folkevalde organ og delegering. Desember 2021.

²⁷ Vestland fylkeskommune. Reglement for folkevalde organ og delegering. Desember 2021.

²⁸ Reglement for valnemnda går fram av fylkeskommunen sitt reglement for folkevalde organ og delegering.

fylkeskommunen tilrår selskapa, som ikkje allereie har det, å etablere og formalisere ei ordning med valkomité. Generalforsamlinga/representantskapet bør i tillegg fastsette retningslinjer for valkomiteen, velje leiar og medlemer og fastsette eventuell godtgjersle for komiteen.


Det går vidare fram at samansettinga av selskapa sin valkomité bør reflektere eigardelane i selskapet og bør vere uavhengig av styret og leiande tilsette. Vidare blir det peikt på at valkomiteen skal finne og føreslå kandidatar til styret, og at komiteen bør jobbe langsiktig og bruke god tid på å kartlegge eigna styrekandidatar med rett kompetanse, eigna personlege eigenskapar og i samsvar med krav til kjønnsbalanse.

I eigarskapsmeldinga blir det vidare vist til at det er viktig at valkomiteen, i innstillinga til generalforsamlinga/representantskapet, grunnleggjv forslaga sine og gjer greie for nominasjonsprosessen. Det blir peikt på at grunngevinga mellom anna bør innehalde informasjon om kandidaten sin kompetanse, kapasitet og uavhengigheit. Ved atval bør grunngevinga opplyse om kor lenge kandidaten har vore styremedlem og om vedkomande si faktiske deltaking i styremøta.

Som vist i avsnittet om valnemnda over, blir det i eigarskapsmeldinga understreka at det er svært viktig at valkomiteen har god kontakt med valnemnda i fylkeskommunen, slik at valnemnda kan føreslå styremedlemmar som ivareteke selskapet sine behov. Som nemnt i avsnittet over, kontaktar fylkeskommunen styreleiarar for å diskutere kva kompetanse det er behov for i selskapa. Fylkeskommunen viser vidare til at det blir sendt ut oppmoding til selskapa og selskapa sine valkomitear om at selskapa kontaktar fylkeskommunen i god tid med informasjon om kva val eller nomineringar fylkeskommunen skal gjere og til kva tid.

I **eigarstrategiane** som er utarbeidd for nokre av selskapa fylkeskommunen har eigardel i står det at selskapet *skal* ha ein valkomité og at valkomiteen si innstilling til generalforsamlinga/representantskapet skal vere grunnleggje (sjå avsnitt 4.4.1 om eigarstrategiar). I eigarstrategien for arbeidsmarknadsbedriftene blir det peikt på at det er *tilrådeleg* at selskapet nyttar seg av valkomité. I nokre av eigarstrategiane blir det også tilrådd at ordninga med valkomité bør gå fram av vedtektene til selskapet/selskapa.

Figur 3: Valkomité i selskapa



Revisjonen har fått tilsendt vedtekter for 29 av aksjeselskapa fylkeskommunen har eigardel i. For 20 av desse er det ikkje vedtaksfesta at det skal opprettast valkomité. For fem av dei 20 selskapa er det etablert eigarstrategi der fylkeskommunen si oppmoding om valkomité går fram.

Respondentane som deltok i spørjeundersøkinga blei bedt om å svare på om det er etablert valkomité for innstilling av styremedlemmar i selskapet. I figur 3 er svar frå styreleiarane i 21 selskap framstilt (for å sikre at det er eitt svar frå kvart selskap). 76 prosent av styreleiarane svarer at det er etablert valkomité, medan 24 prosent svarer «nei» på dette spørsmålet.

Det blir i intervju peikt på at det frå fylkeskommunen si side er ønskeleg at selskapa har sine egne valkomitear, men at dette ofte kan vere utfordrande å få til. Det blir vist til at ein grunn til at selskapa nøler med å opprette egne valkomitear er det kan vere uklart kva mandat og rolle valkomiteen skal

ha. Til dømes blir det vist til at det verkar lite føremålstenleg at eit selskap har valkomité dersom fylkeskommunen er majoriteteigar i selskapet og valnemnda/fylkestinget bestemmer seg på førehand for kven dei ønskjer skal sitte i styret til selskapet på vegner av fylkeskommunen, utan å ta omsyn til valkomiteen sitt innspel.

Kompetanse og kjønnsbalanse i selskapsstyra

Oversikt over kven som er valt inn i ulike styre mv. går fram av fylkeskommunen sitt valregister. Oppdatert valregister for fylkestingperioden 2019–2023 ligg tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider.²⁹

Som nemnt i avsnittet om valnemnda ovanfor, består fylkeskommunen si valnemnd av representantar for alle partia i fylkestinget, og det går fram av intervju at representantane i stor grad fordeler styreverv basert på politisk tilhørsle. Det blir i intervju vist til at ei utfordring med politisk fordeling av styreverv er at styremedlemmene ikkje

²⁹ Valregisteret er sist oppdatert 14.06.2023 og ligg tilgjengeleg her: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-per-14.06.2023.pdf>

alltid har den naudsynte styrekompetanse eller interessa for selskapa dei skal sitte i styra for. Det blir vidare haldt fram at det i selskap der fylkeskommunen er eigar saman med andre kommunar kan bli mangel på **kompetanse i styra**, ettersom svært mange av styremedlemmane er politisk utnemnte.

Det blir i intervju vist til at fylkesvaraordførar, gjennom rolla som leiar i fylkeskommunen si valnemnd, har ein del politisk ansvar for eigaroppfølginga. Juridisk rådgjevar fortel at kravet om kjønnsbalanse i styra blir følgt opp både av **valnemnda og eigarrepresentantane**. Fylkeskommunen oppmodar valkomiteane i selskapa om å sikre ein samla kjønnsbalanse i selskapsstyret, og det blir i intervju vist til at fylkeskommunen ønskjer dialog med andre eigarar om dette, og at dei forsøker å sørge for at kjønnsbalansen i styra er i samsvar med krav i regelverket.

I spørjeundersøkinga fekk respondentane spørsmål om dei opplever at styret dei sit i har kompetanse tilpassa selskapet si verksemd og som er nødvendig for å oppnå måla og strategiane til selskapet. 85 prosent av respondentane svarar «ja» på dette spørsmålet, medan 15 prosent svara «i nokon grad».³⁰

I eigarskapsmeldinga blir **habilitetskonfliktar** knytt til utpeiking av styrerepresentantar omtala, og det blir vist til at ein for å unngå at inhabilitet ofte skjer ikkje bør utpeike fylkesordførar, fylkesvaraordførar, leiar i hovudutval og fylkesdirektør til styreverv i selskap.

Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og fylkesdirektør innehar ikkje styreverv i selskap eigd av fylkeskommunen.

I intervju blir det peikt på at politikarar i styreverv medfører at dei må melde seg **inhabile i saker** i fylkestinget som gjeld selskapa der dei er styremedlem. Det blir i intervju peikt på at dette har vore ei utfordring, og at det kan forhindre fylkestinget si oppfølging av eigarskapa at folkevalde må melde seg inhabile i saker som gjeld fylkeskommunens eigarskap. Fylkesordføraren peiker også på at ein del folkevalde er frikjøpte for å drive med politikk, og at styreverva krev mykje kapasitet frå dei folkevalde som i staden kunne blitt brukt på skjytte vervet som folkevald. Fylkesordføraren viser til at han på bakgrunn av dette har tatt til orde for at fylkestingsrepresentantar ikkje burde veljast til styreverv i store selskap.

Det blir i intervju vidare peikt på at det ikkje blir gjort habilitetsvurderingar knytt til at medlemmar i dei politiske utvala i fylkeskommunen blir vald inn i styra. Det blir vist til at dette er ei utfordring, då utvala gjerne handsamar saker som har betydning for selskap der utvalsmedlem sit i selskapsstyra. Det går fram at det har oppstått situasjonar store delar av utval har meld seg inhabile eller ikkje ønskjer å uttale seg i eigarskapsaker. Det blir påpeikt at administrasjonen har gitt beskjed om at det er uheldig for sakshandsaminga at utvalsmedlem ikkje kan delta på grunn av inhabilitet.

Vestland fylkeskommune tilrår at eigarorgana i selskapa gjennom val av styre skal forsøke å oppnå balansert **kjønnsrepresentasjon** i styra. Det blir vist til at fylkeskommunen si valnemnd også skal sikre at kjønnsbalansen i styra blir ivareteke. Revisjonen har gjennomgått kjønnsbalansen i selskapa der fylkeskommunen har ein eigardel på 50 % eller meir. Totalt er dette 11 selskap. Gjennomgangen syner at kvinnedelen i styra varierer frå 33 prosent i to selskap, til 66 prosent i eitt selskap.

Tabell 5: Kjønnsbalanse i styra der VLFK eig meir enn 50 prosent av aksjane.

Selskap	Styrerepresentantar totalt	Kvinner i styret	Prosentdel kvinner i styret	Kjønnsbalanse ³¹
VALEN KRAFTVERK AS	3	1	33 %	Ja
BYBANEN AS	7	3	43 %	Ja
OPPLÆRINGSFARTØY AS	5	2	40 %	Ja
FJORD INVEST SÅKORN AS	3	1	33 %	Ja
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE SENTER AS	5	2	40 %	Ja
TH EIGEDOM IKS	2	5	40 %	Ja
VESTNORSK FILMSENTER AS	5	3	60 %	Ja
SOGN OG FJORDANE FONDET AS	4	2	50 %	Ja

³⁰ Ingen av respondentane svara «i liten grad» eller «veit ikkje» på dette spørsmålet.

³¹ Vurderinga av kjønnsbalanse tek utgangspunkt i at styra til interkommunale selskapa og aksjeselskapa med meir enn 2/3 offentlig eigarskap skal vere samansett i samsvar med aksjelova § 20-6 (jf. IKS-lova § 10 og kommunelova § 21-1).

MOSTER 2024 AS ³²	6	2	33 %	Nei
GRIEGHALLEN IKS	3	2	66 %	Ja
DET VESTNORSKE TEATERET AS ³³	6	2	33 %	Nei
BEREDT AS	5	3	60%	Ja
SOGN OG FJORDANE HOLDING AS ³⁴	5	2	40 %	Ja

Tabellen over viser at det er oppnådd kjønnsbalanse i samsvar med krav om dette i regelverket i ni av dei elleve selskapa som er undersøkt. For Det vestnorske Teateret er det 60 prosent kvinner i styret, men då VLFK eig 60 prosent av aksjane i selskapet og dei resterande eigarane er lag og foreiningar, trer ikkje kravet om kjønnsbalanse inn for dette styret. Oversikta i tabellen viser at styret i Moster 2024 AS ikkje oppfyller krav om kjønnsbalanse, då det er seks styremedlem der fire er menn og to er kvinner.

Opplæring av styremedlemmar

Fylkeskommunen har ikkje tilbod om særskilt **opplæring for fylkeskommunen sine utnemnde styremedlemmar**, men det blir peikt på at det i samband med opplæring for folkevalde også blir gitt noko opplæring om rolla som styremedlem (sjå avsnitt 4.5.1 om opplæring av folkevalde). Mange av fylkeskommunen sine utnemnde styremedlem er også folkevalde, og folkevaldopplæringa er derfor relevant for desse.


I eigarskapsmeldinga 2021 går det fram at kvart enkelt selskap har sjølvstendig ansvar for opplæring av sine styremedlemer i styrearbeid, rettslege rammer for selskapet og kunnskap om selskapet sitt føremål, strategiar, vedtekter/selskapsavtale, organisasjon og historie. Det blir vidare peikt på at dei enkelte selskapsstyra med jamne mellomrom bør vurdere behovet for opplæring. Det står også at fylkeskommunen som eigar gjev styremedlemmane selskapsinformasjon gjennom oversikta over dei ulike selskapa i del II av eigarskapsmeldinga.

I spørjeundersøkinga fekk respondentane spørsmål om det er gjennomført opplæring i styrearbeid for styret i selskapet. 28 prosent av respondentane svarte at dei har fått slik opplæring, medan 64 prosent svarte at dei ikkje har fått slik opplæring (figur 4)

Dei respondentane som svarte «ja» på spørsmålet om gjennomført opplæring i styrearbeid fekk eit oppfølgingsspørsmål om dei opplever at styreopplæringa dei har mottatt er tilstrekkeleg. 7 av 11 svarar «ja» på dette spørsmålet, medan 3 av 11 svarar «delvis». Ingen av respondentane svara «nei» på dette spørsmålet.

Det blir i intervju vist til at opplæring av styremedlemmar utnemnt av fylkeskommunen i større grad burde tilpassast den enkelte styremedlemmen sin tidlegare kompetanse og erfaring, til dømes ved at erfarne styremedlem får moglegheit til å få eit kurs for vidarekomne. Det blir til dømes peikt på at nye styremedlemmar ofte opplever at rolleforståing er vanskeleg. Vidare blir det haldt fram at det burde vore gitt tilbod om opplæring til styremedlemmar etter at dei har innehatt rolla som styremedlem ein periode, til dømes etter eit år, for å friske opp kompetansen. Det blir peikt på at oppbygd erfaring etter eit år i rolla ville gjerne vil gjere opplæringa meir nyttig.

Figur 4: Opplæring i styrearbeid



4.6.2 Vurdering

Undersøkinga viser at Vestland fylkeskommune har etablert system og rutinar for å i starten av kvar valperiode utnemne eiga valnemnd. Det er etablert nokre kortfatta overordna retningslinjer for valnemnda, men det er utover dette ikkje utarbeidd retningslinjer som regulerer valnemnda sitt arbeid. Revisjonen vurderer at

³² Moster 2024 AS er 50 % eigd av Vestland fylkeskommune og 50 % eigd av Bømlo kommune.

³³ Det Vestnorske Teateret AS er 60 % eigd av Vestland fylkeskommune. Då dei andre eigarane av Det Vestnorske Teateret er organisasjonar og foreiningar (FLI) er det ikkje eit lovkrav at dette selskapet skal ha kjønnsbalanse.

³⁴ Sogn og Fjordane Holding AS er inkludert sidan Vestland fylkeskommune eig alle A-aksjane i selskapet og dermed har 51% av stemmene på generalforsamlinga. Selskapet er elles eigd av ein rekke kommunar og har 100 % offentlig eigarskap.

fylkeskommunen bør etablere slike retningslinjer for arbeidet i valnemnda, og at prosessar rundt val av kandidatar til selskapsstyra, mellom anna med tanke på habilitet, ønska kompetanse mv., bør vere ein del av desse retningslinjene (KS tilråding nummer 10).

Vidare vurderer revisjonen at fylkeskommunen bør etablere praksis for at valnemnda skriftleg grunngjev sine forslag til kandidatar til selskapsstyra, og sikre at dette også blir del av retningslinjene for arbeid i valnemnda. På denne måten kan til dømes kompetanse, erfaring og eignaheit blir tydeleggjort i innstillinga til fylkestinget.

KS påpeiker at det ikkje er føremålstenleg å velje inn sentrale folkevalde eller tilsette i sentrale fylkeskommunale leiarstillingar i styret i eit fylkeskommunalt eigd selskap. Revisjonen vil påpeike at det ikkje er noko i vegen for at medlemmar av folkevalde organ kan veljast som styremedlem i selskap, men at det er ein risiko for at dei då vil vere inhabil ved handsaming av viktige saker knytt til desse selskapa i politiske møte. Fylkeskommunen bør derfor ved val av folkevalde som styremedlem vurdere kor ofte desse vil bli inhabile i saker som skal opp i politiske møte. Dersom inhabilitet vil skje ofte, bør fylkeskommunen vurderer om det er føremålstenleg å velje vedkomande som styremedlem.

KS tilrår at det bør fastsetast i vedtektene eller selskapsavtalane at val av styre i fylkeskommunalt eigde selskap bør skje ved bruk av valkomité. Undersøkinga viser at fylkeskommunen oppmodar om bruk av valkomité i eigarskapsmeldinga og vidare at det går fram krav eller oppmoding om dette også i eigarstrategiar. For mange av selskapa går det samtidig ikkje fram krav om bruk av valkomité i selskapsvedtektene.

Undersøkinga viser at det for 1 av 11 selskap der fylkeskommunen har 50 prosent eigardel eller meir, ikkje er påkravd kjønnsbalanse i styret. Revisjonen vil påpeike at dette ikkje er i samsvar med krav i regelverket³⁵, og vurderer at fylkeskommunen må sikre at det er riktig kjønnsbalanse i styra for selskap der fylkeskommunen har eigardel, og der dette er påkravd etter regelverket.

Undersøkinga indikerer at det i liten grad blir gjennomført opplæring i styrearbeid i styra der fylkeskommunen er eigar. 64 prosent av respondentane i spørjeundersøkinga svarar at det sitjande styret ikkje har fått opplæring i styrearbeid. Revisjonen vil påpeike at fylkeskommunen som eigar har eit ansvar for å sikre at styret i selskapet samla sett har den kompetansen det er behov for.

4.7 Eigarrepresentasjon og kommunikasjon med selskapa

4.7.1 Datagrunnlag

I fylkeskommunen si eigarskapsmelding og reglement for folkevalde og delegering er det skildra rutinar for kommunikasjon og informasjon mellom selskapa og fylkeskommunen.

I reglement for fylkesutvalet går det fram at det er fylkesordførar, fylkesvaraordførar eller den som har fått fullmakt frå desse, som skal representere fylkeskommunen i **generalforsamlingar/årsmøte**. Eigarrepresentantar til representantskapet i interkommunale selskap er valde særskilt av fylkestinget. Det blir i eigarskapsmeldinga peikt på at det for enkelte selskap kan vere føremålstenleg at ein representant frå administrasjonen er med eigarrepresentant i møte, men det går fram at det er eit føremon å avgrense møtedeltakarane til dei nødvendige.

Det går vidare fram av eigarskapsmeldinga at i tillegg til formelle møte i eigarorganet, ønskjer fylkeskommunen at det blir gjennomført jamlege **uformelle eigarmøte** for å mellom anna sikre informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøftingar. Det blir understreka at det på desse uformelle eigarmøta, der eigarane deltek saman med selskapsleiinga og styret, ikkje kan fattast vedtak og at det bør skrivast referat frå møta. I eigarskapsmeldinga går det fram at det også er eigarrepresentanten som bør vere den som møter på uformelle eigarmøte. I eigarskapsmeldinga oppmodar fylkeskommunen vidare om at selskapa fastset retningslinjer for kva kontakt selskapet har med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga.³⁶ Det blir vist til at fylkeskommunen også sjølv kan fastsette retningslinjer for dette, t.d. i samband med utarbeiding av eigarstrategi for enkelte selskap. I fleire av eigarstrategiane, til dømes for Skyttel AS og Ferde AS, går det fram at eigarane i tillegg formelle eigarmøte i generalforsamling ønsker å etterleve KS sine tilrådingar om at det blir halde jamlege eigarmøte. Det blir i begge eigarstrategiane påpeikt at «eigarmøta skal bidra til å sikre god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet, som igjen vil gje ei koordinert og heilskapleg eigaroppfølging».

³⁵ Kommuneleova § 21-1, aksjelova § 20-6.

³⁶ i samsvar med anbefalingane til NUES13.

Det blir i intervju påpeikt at uformelle eigarmøte blir gjennomført ved behov, at initiativet kan kome frå fylkeskommunen, selskapet eller dei andre eigarane.


Som tidlegare nemnt i rapporten, er det juridisk seksjon som har ansvar for å følgjer opp fylkeskommunen si forvaltning av eigarskapa. Som nemnt i avsnitt 3.7.1 om rutinar og system for oppfølging av arbeidet med eigarskapsforvaltninga, registrerer juridisk seksjon fortløpande varsla møtedatoar for aksjeselskap, IKS og andre føretak fylkeskommunen har eigardel i. I eit internt skjema blir det mellom anna registrert tid og stad for møte, kven som skal delta som eigarrepresentant, behov for fullmakt og om fullmakt er sendt. Fylkesordføraren peiker på at fylkeskommunen dei siste åra har blitt betre på å kommunisere med selskapa.

Som nemnt i avsnitt 3.5.1 om rutinar og system for utøving av eigarskapsforvaltninga, sender fylkeskommunen ved juridisk seksjon i starten av kvart år ut eit **brev til selskapa** med informasjon om fylkeskommunen si utøving av eigarskap. I dette brevet ligg det informasjon om fylkeskommunen sin eigarskapspolitikk og krav og forventningar til selskapa og korleis dei blir styrt. Det blir lagt ved lenke til gjeldande eigarskapsmelding i breva som blir sendt ut årleg, og det er lagt inn kontaktinformasjon til kontaktperson i fylkeskommunen. Fylkeskommunen kjem i brevet også med ei oppmoding/påminning om å tidleg, og helst tre månadar i forkant av møte, sende datovarsling og informasjon om saker som kan fordre politisk handsaming. I eigarstrategiane som er etablert for nokre av selskapa er det også gitt konkrete fristar for datovarsling mv. (meir om eigarstrategiar under avsnitt 4.4.1 i denne rapporten).

I intervju blir det vist til at innkalling og saksgrunnlag til eigarmøte i hovudsak blir sendt ut i god tid, slik at fylkeskommunen og eigarrepresentant har tilstrekkeleg tid til å førebu seg. Samtidig blir det påpeikt at det skjer relativt ofte at fylkeskommunen får inn informasjon i seinaste laget om saker som krev politisk handsaming. Det blir påpeikt at dette er noko som må arbeidast vidare med.

I spørjeundersøkinga fekk styreleiarar og styremedlemmar utan leiaransvar spørsmål om det er tydeleg kven eller kva eining styret skal kontakte dersom det er behov for å få avklart spørsmål knytt til fylkeskommunen si eigarstyring. Totalt svarar 85 prosent av respondentane «ja» på dette spørsmålet, medan 8 prosent svarar høvesvis «nei» eller «veit ikkje».

Figur 5: Kjennskap til kontaktperson(ar) i fylkeskommunen



Respondentane som svara «ja» på spørsmålet framstilt i figuren over, fekk eit oppfølgingsspørsmål om kven eller kva eining i fylkeskommunen styret kontaktar. Respondentane svarar litt varierende på dette spørsmålet; 3 av 17 styreleiarar svarar juridisk seksjon og 2 oppgjev fylkesordførar. 10 av styreleiarane svarar ulike avdelingar eller seksjonar i fylkeskommunen, til dømes kultur og folkehelse og eigedom.

4.7.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at Vestland fylkeskommune har etablert system og rutinar for deltaking på formelle eigarmøte. Undersøkinga viser at juridisk seksjon har ansvar for å mellom anna følgje opp tid og stad for møta, kven som skal delta som eigarrepresentant og eventuelt behov for fullmakt. Undersøkinga viser vidare at fylkeskommunen har etablert rutine for å årleg sende brev til selskapa dei har eigardel i, og at det her mellom anna blir oppmoda om å sende informasjon om eigarmøte til fylkeskommunen i god tid, og det er lagt inn

informasjon om kven som er kontaktperson i fylkeskommunen. Revisjonen vurderer at dette er gode tiltak for å bidra til god kommunikasjon og å sikre at fylkeskommunen blir haldt tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga til selskapa.

Revisjonen vil påpeike at svar på spørjeundersøkinga indikerer at det ikkje er tilstrekkeleg tydeleg for alle selskapsstyra at det er juridisk seksjon som er etablert som sekretariat for eigarskapsforvaltning. Det er ikkje noko i vegen for at selskapsstyra kontaktar andre aktørar, som til dømes fylkesordførar, dersom det er spørsmål som må avklarast, men revisjonen vurderer at det for å sikre mest mogeleg effektiv og lik kommunikasjon mellom fylkeskommunen og selskapa, kan vere føremålstenleg å i større grad tydeleggjere administrasjonen si rolle i dette arbeidet, til dømes ved å sikre at dette er tydeleg omtala på fylkeskommunen sine nettsider og eventuelt også i eigarskapsmeldinga.

KS tilrår at det jamleg blir gjennomført eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet. Revisjonen merkar seg at fylkeskommunen både i eigarskapsmeldinga og i nokre av eigarstrategiane syner til at det er ønskeleg å etterleve denne tilrådinga frå KS. Revisjonen vil påpeike at uformelle eigarmøte kan vere ein føremålstenleg arena der eigar(ar) og selskapet mellom anna kan utveksle informasjon og drøfte generell utvikling og rammevilkår for verksemda.

4.8 Krav til selskapa

4.8.1 Datagrunnlag

Fylkeskommunen formidlar gjennom mellom anna eigarskapsmeldinga og årlege brev til selskapa fleire forventningar og krav til selskapa dei har eigardel i. Det går også fram krav til selskapa gjennom selskapsvedtekter og eigarstrategiar.

Eigarskapsmeldinga 2021 viser til fylkeskommunen sine forventningar til selskapa når det gjeld etterleving av regelverk og forsvarleg drift, organisering, honorering og styringsgrunnlag og samfunnsansvar og etikk.

Tabell 6: Døme på krav frå VLFK til selskapa dei har eigardel (Kjelde: Eigarskapsmeldinga 2021)

Overordna forventning	Døme på krav
Regelverksetterleving og forsvarleg drift	<p>Leiinga skal sikre forsvarleg økonomistyring og at rekneskap blir ført i tråd med gjeldande regelverk. Rapportering i samsvar med krav til dette i rekneskapslova.</p> <p>Styret bør legge til rette for at flest moglege eigarar kan utøve sine rettar ved å delta i eigarorgansmøte i selskapet.</p> <p>Sikre kjønnsbalanse i styret i samsvar med krav til dette i relevant lovverk.</p>
Organisering, honorering og styringsgrunnlag	<p>Styret sitt ansvar for å</p> <ul style="list-style-type: none"> • sikre at selskapet blir forvalta i samsvar med føremålet med selskapet og eigarane sine vedtekne forventningar • med jamne mellomrom evaluere eige arbeid og vurdere behovet for opplæring • sjå til at selskapet har god internkontroll og føremålstenlege system for risikostyring. • vurdere eigen habiliteten opp saker som blir handsama <p>Etablere valkomité.</p> <p>Fastsetjing av godtgjersle for styreverv og ev. andre verv.</p> <p>Oppdatert og tydeleg styringsgrunnlag (vedtekter, selskapsavtalar m.m.).</p> <p>Skriftleggjorte arbeidsinstruksar/prosedyrar og rutinar for ulike arbeidsprosessar.</p>
Samfunnsansvar og etikk.	<p>10 generelle forventningar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar.</p> <p>3 spesifikke forventningar når det gjeld klima og miljø.</p> <p>Førebygge brot på menneskerettar i eiga verksemd og følgje dette opp ovanfor leverandørar.</p> <p>3 spesifikke forventningar når det gjeld arbeidstakarrettar.</p> <p>3 spesifikke forventningar når det gjeld openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid mot korrupsjon.</p> <p>Utarbeiding av retningslinjer for arbeid med samfunnsansvar og etikk.</p> <p>Rapportering av arbeid med samfunnsansvar.</p> <p>Registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.</p> <p>Oppmoding om å la VLFK sine seriositetskrav vere retningsgivande for selskapa sine innkjøp etter regelverket om offentlege anskaffingar.</p>

Juridisk rådgjevar fortel at fylkeskommunen gjennom eigne eigarbrev til selskapa har kommunisert ei forventning om at selskapa skal handsame fylkeskommunen si eigarskapsmelding i generalforsamlinga. Det blir vist til at breva blir utarbeidd til kvart enkelt selskap og tilpassa selskapsform.

Fylkeskommunen viser i **brev til aksjeselskap for 2023**³⁷ til fem døme på forventingar til selskapa frå fylkeskommunen som eigar. Dette omhandlar 1) selskapa sitt samfunnsansvar (knytt til m.a. klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar, openheit og antikorrupsjon) og at selskapa tar i bruk seriøsitetskrav ved gjennomføring av offentlege anskaffingar, 2) føremålstenleg og forsvarleg organisering, styring og internkontroll, 3) legge til rette for god informasjonsflyt mellom selskapet og eigar/ane, 4) etterleving av lovar og reglar på området, m.a. knytt til kjønnsbalanse i styra og 5) etablering og vedtektsfesting av eigen valkomité i selskapet. Det er lagt inn lenke til både eigarskapsmelding og eigarstrategi for enkeltelskap og arbeidsmarknadsbedriftene i brevet.


Det er vidare lagt inn informasjon om forventingar til innkalling til eigarmøte i god tid (helst tre månadar før gjennomføring), og krav om at fylkeskommunen så snart som råd skal varslast dersom selskapet planlegg vedtektsendringar eller andre ekstraordinære saker.

Som nemnt i avsnitt 4.4.1 om fylkeskommunen sin strategi for eigarskapen, er det i eigarstrategiane som er utarbeidd skildra krav til selskapa, mellom anna krav til selskapa si verksemd, krav til styret, krav om valkomité, mål for eigarskapsutøving og resultatmål.

I spørjeundersøkinga fekk respondentane spørsmål om ulike prosedyrar og rutinar er etablerte i styra dei er del av. I figuren under er resultat etter svar frå styreleiarane gjengjeve,³⁸ og det går fram at om lag to av tre styreleiarar svarar at det er etablert rutine for at styret årleg gjennomgår internkontrollen og dei viktigaste risikoområda for selskapet (64 prosent) og at det er etablert styreinstruks (68 prosent). 86 prosent av styreleiarane som har svart på spørjeundersøkinga svarer at det er etablert årleg plan for styret og 73 prosent svarar at det er etablert rutine for gjennomføring av habilitetsvurderingar i styret. Om lag to av fem styreleiarar (41 prosent) svarar at det ikkje er etablert årleg styreevaluering/eigenevaluering.

Revisjonen merkar seg at ikkje alle selskap er registrert i styrevervregisteret.

Figur 6: Etablering av rutinar og prosedyrar i selskapsstyra



4.8.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at fylkeskommunen gjennom eigarskapsmeldinga og eigarstrategiar stiller tilrådde krav til selskapa der dei har eigardel. Vestland fylkeskommune stiller gjennom eigarskapsmeldinga 2021 krav til selskapa om etiske retningslinjer, registrering av styreverv, fastsetjing av godtgjersle, vurdering av habilitet, utarbeiding av

³⁷ Vestland fylkeskommune. *Informasjon om Vestland fylkeskommune si utøving av eigarskap*. Sendt til aksjeselskap fylkeskommunen er eigar i. Datert 14.02.2023.

³⁸ Dette for å sikre at vi ikkje vektar svar frå medlem av same styret fleire gonger.

styreinstruks, evaluering av eige styrearbeid og fastsetting av planar for styreverksemda. Det går vidare fram av eigarskapsmeldinga at styret skal sjå til at selskapet har god internkontroll og føremålstenlege system for risikostyring. Undersøkinga viser også at krav frå fylkeskommunen som eigar blir formidla til selskapa gjennom årlege brev, og at det i desse breva blir lagt ved lenke til gjeldande eigarskapsmelding. I brev for 2023 blir det mellom anna påpeikt forventningar om ivaretaking av samfunnsansvar, føremålstenleg internkontroll og organisering og etterleving av lovar og reglar.

5 Oppfølging av selskapa

5.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad følger fylkeskommunen opp selskapa i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?

Under dette:

- I kva grad er det etablert rutinar for informasjonsflyt frå, og medverknad i avgjersler, i selskap der fylkeskommunen er eigar gjennom holdingselskap?

5.2 Kontrollkriterier

Krav til fylkeskommunen når det gjeld oppfølging av selskapa blir utleia frå aksjelova, IKS-lova og KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll.

Det er lovfesta at **ordinær generalforsamling skal avviklast kvart år** (aksjelova § 5-5). Aksjelova § 5-1 seier at aksjeeigarane gjennom **generalforsamlinga utøver den øvste myndigheita i selskapet**. Dette inneber at styret og andre organ pliktar å følge generalforsamlinga sine vedtak og instruksar, og at generalforsamlinga kan overprøve styret sine vedtak.

Utgangspunktet for forholdet mellom selskapet og aksjonær er **den generelle opplysningsplikta** som følger av instruks frå generalforsamlinga (aksjelova § 5-15). Den enkelte aksjeeigar har ingen generell innsynsrett i selskapet sine forhold, men har i samsvar med aksjelova § 5-15 rett til å krevje tilgjengelege opplysningar som er relevante for saker som skal handsamast på generalforsamling. Aksjonærar og eit morselskap har altså ein styringsmoglegheit ovanfor eit dotterselskap, ved å ha bestemmende innflytelse gjennom generalforsamlinga. Dersom informasjon skal krevjast frå selskapet, skal dette avgjerast ved avstemming med vanleg fleirtalskrav, jf. aksjelova § 5-17. I tilfelle der det berre er ein aksjeeigar, vil aksjonæren i praksis utgjere generalforsamlinga og dermed ha ein vid rett til å be om dei opplysningane dei ønskjer frå det heileigde dotterselskapet, sjølv om dette formelt sett skal gå fram av ein generalforsamlingsprotokoll.

Kapittel 5 i aksjelova inneheld vidare ei rekkje føresegner som omhandlar generalforsamlinga; mellom anna er det i § 5-2 n. r. 2 stilt krav om at fullmechtig som deltek på generalforsamlinga skal ha skriftleg fullmakt, mens § 5-5 første ledd seier at ordinær generalforsamling skal avviklast seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår.

IKS-lova set krav til at selskapet skal ha eit **representantskap** der alle deltakarar er representert med minst éin representant. Fylkestinget oppnemner sjølv sine representantar (IKS-lova § 6). Deltakarane utøver si mynde i selskapet gjennom representantskapet. Representantskapet er selskapet si øvste mynde (IKS-lova § 7).

KS tilrår at:

- Fylkeskommunen bør få ein årleg rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapa den har eigardelar i (KS si tilråding nummer 4).
- Det jamleg blir gjennomført eigarmøte for å bidra til god kunnskap og dialog med selskapet (KS si tilråding nummer 6).
- Kommunen som hovudregel oppnemner sentrale folkevalde som eigarrepresentantar for kommunen i eigarorgan (KS si tilråding nummer 7).

Sjå vedlegg 2 for utfyllande kontrollkriterium.

5.3 Oppfølging av selskap

5.3.1 Datagrunnlag

Det blir i fylkeskommunen si eigarskapsmelding peikt på at utgangspunktet i selskapslovgjevinga er at aksjonærar/eigarar utøver eigarstyring gjennom generalforsamlinga eller representantskapet. Som nemnt i avsnitt 4.7.1 blir det vist til at fylkeskommunen ønsker at det blir gjennomført jamlege eigarmøte for m.a. informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøftingar. Eigarskapsmeldinga viser vidare til at

fylkeskommunen brukar kvartalsresultat, årsrekneskap og årsmeldingar, anna offentleg tilgjengeleg informasjon, og informasjon tilknytt generalforsamlingar for å få relevant informasjon om selskapet. Utover dette, og innanfor ramma av selskapslovgevinga, blir det peikt på at fylkeskommunen har møte/kontakt med selskapet si leing som ein del av eigaroppfølginga.

Oppfølging gjennom eigarmøte


Som tidlegare nemnt i rapporten, mellom anna i avsnitt 3.3.1 om organisering av eigarskapsforvaltninga, er det etablert rutinar for at det er fylkesordførar, fylkesvaraordførar eller hovudutvalsleirarar med fullmakt frå fylkesordførar som deltar i eigarmøte i selskapa som fylkeskommunen har eigardel i. Gjennom intervju og tilsendt oversikt over møtedeltaking går det fram at eigarrepresentantane i all hovudsak stiller i møta i eigarorgana som dei er kalla inn til. Det blir vist til eit par døme der det har vore utfordringar knytt til deltaking i digitale eigarmøte, anten fordi lenke til digitalt møte ikkje har blitt oversendt (til tross for fleire påminningar) eller fordi møte har blitt omgjort frå digitalt til fysisk på kort varsel.

I intervju blir det vist til at juridisk seksjon oppmodar eigarrepresentantar om å gjennom **deltaking i formelle eigarmøte**, sørgje for at selskapa tilfredsstillar fylkeskommunen sine krav. I intervju blir det stadfesta at fylkeskommunen ved eigarrepresentantar tar opp saker og følger opp mål og krav som går fram av eigarskapsmeldinga i eigarmøta. Fylkesordførar peiker på at fylkeskommunen i generalforsamling eller representantskapsmøte også kan stille strategiske spørsmål til selskapa, og gi tilbakemeldingar. Han viser til eit døme der han som eigarrepresentant stilte kritiske spørsmål til økonomien i eit selskap i generalforsamlinga, og bad selskapet om å forklare deira vurderingar kring dette.

Fylkeskommunen viser til at det elles er forventa at selskapa anten følgjer det fylkeskommunen som eigar har bedt om, eller at dei informerer fylkeskommunen dersom det har vore grunn til å ikkje gjere det. Det blir vist til at dei fleste selskapa har hatt **eigarskapsmeldinga oppe som sak i generalforsamlinga**, og dermed skal kjenne til føringane frå fylkeskommunen som eigar.

I spørjeundersøkinga fekk utvalde styreleiarar og styremedlemmar spørsmål om dei kjenner til innhaldet i fylkeskommunen si eigarskapsmelding. Om lag halvparten av respondentane svarar «ja» på dette spørsmålet, medan 41 prosent svarar at dei «delvis» kjenner innhaldet. 8 prosent svarar «nei» på dette spørsmålet. Svara på dette spørsmålet fordeler seg i all hovudsak likt mellom respondentane som er styreleiarar og styremedlemmar.

Figur 7: Styremedlemmar sitt kjennskap til innhald i eigarskapsmeldinga



Rapportering frå selskapa

Innhenting av informasjon frå selskapa til fylkeskommunen skjer først og fremst samband med gjennomgangen av innkalling til ordinære generalforsamlingar. Det blir vist til at dersom noko manglar i innkallinga, så etterspør eigarrepresentanten eller administrasjonen informasjon. Det blir vist til at det elles har vore slik at administrasjonen, i samband med utarbeiding av eigarskapsmeldinga (tidlegare årleg), har kontrollert at all informasjon er motteken, og etterspurt det som eventuelt manglar. Når eigarskapsmeldinga ikkje lenger skal handsamast årleg, må denne kontrollen gjennomførast i samband med deltaking på generalforsamlingane og ei oppfølging av at selskapa sender fylkeskommunen protokoll frå desse møta. Fylkeskommunen opplyser at 2022 var første året utan handsaming av eigarskapsmelding, og det førebels ikkje føreligg noko ytterlegare system for å jamleg hente inn informasjon utover det som går fram av eigarskapsmelding, eigarstrategiar og eksisterande praksis.

Fylkeskommunen viser til at informasjon og rapportering frå selskapa elles i utgangspunktet skjer i tråd med krav til dette i rekneskapslova. Det blir peikt på at fylkeskommunen i hovudsak etterspør informasjon som selskapa pliktar å sende, eller pleier å sende, i samband med generalforsamlingar og liknande.

Juridisk rådgjevar peiker på at selskapa i hovudsak leverer **årsrapportar** når dei skal og elles rapporterer løpande til fylkeskommunen dersom det er spesielle saker, utvikling eller liknande dei som eigar bør vere orientert om. Det går vidare fram at kommunikasjonen med selskapa varierer frå selskap til selskap, men at fylkeskommunen ved juridisk seksjon har løpande kontakt med daglege leiarar og i nokre tilfelle styreleiarar. Fylkeskommunen ved juridisk seksjon følgjer opp selskapa som ikkje innrettar seg etter krava ved til dømes å sende e-post til dagleg leiar. Juridisk rådgjevar peiker på at manglande etterleving normalt skuldast manglande kapasitet hos selskapa.

Det blir vist til at nokre av dei mindre selskapa, som ikkje pliktar å sende årsmelding, skriv noko meir om verksemda i årsrekneskapan eller skriv ei kort skildring i eit eige brev. Fylkeskommunen viser til at dei får informasjonen dei etterspør frå desse selskapa.

Det blir i intervju peikt på at fylkeskommunen bør har eit bevisst forhold til kva dei som eigar stiller krav om, spesielt med omsyn til rapportering frå dei mindre selskapa. Det blir understreka at ikkje alle selskap vil ha ressursar til omfattande rapportering, og at det kan vere lite føremålstenleg å pålegge alle dei same krava på dette området

I dei enkeltvise eigarstrategiane har fylkeskommunen også, der det er behov for det, sett krav om **tilleggsrapportering** utover krav til rapportering gjennom årsrekneskap, gjennomføring av generalforsamling mv. I eigarskapsstrategi for **Skyttel AS, Ferde AS og Bybanen AS** er det sett konkrete krav til rapportering frå selskapa til eigarane. Det går her fram kor ofte eigarane ønsker rapportering (to til tre gonger i året) og det blir konkretisert kva eigarane ønsker rapportering om (t.d. strategiar og planar, økonomi og aktuelle saker).

Fylkeskommunen peiker på at nokre selskap, til dømes Ferde AS og Fjord Invest Såkorn AS, har godt system for å sende aksjonærinformasjon til fylkeskommunen fleire gonger årleg, og at det er styra som har tatt initiativ til dette. Det blir vist til at denne informasjonen blir lagt fram som referatsaker for fylkesutvalet, og for Ferde AS sin del, i hovudutvalet for samferdsel og mobilitet.

Når det gjeld Skyttel AS, så opplyser fylkeskommunen at tilleggsrapportering har skjedd munnleg i eigarmøte der fylkesordførarar og fylkesdirektørar har vore til stades. Det blir vist til at administrasjonen i nokre høve har etterspurt referat frå desse eigarmøta, og at dei då har fått dette. Det blir vidare påpeikt at administrasjonen har etterspurt innkalling til eigarmøte i Skyttel AS for mai 2022, samt etterspurt at forslag om møtedatoar blir sendt i god tid (i samsvar med eigarstrategien).

Fylkeskommunen peiker på at seksjon for strategi og eigarstyring i avdeling for mobilitet og kollektiv (MOK) har ansvar for eigarstyring innan mobilitet og kollektivtransport, og at dei har dialog med avdeling for organisasjon og økonomi (ORO) om eigarskapan (juridisk seksjon ligg til ORO).³⁹ Fylkeskommunen opplyser at MOK får månadleg verksemdsrapport frå Bybanen AS, og at denne i hovudsak dekkjer krava som er stilt i eigarstrategien. I tillegg blir det vist til at det nyleg er inngått ein avtale mellom MOK og Bybanen AS angående krav til leveranse med kvartalsvis rapportering.⁴⁰ Fylkeskommunen påpeiker at dei får mykje av den informasjonen eigarstrategien legg opp til, men ikkje på den måten som kjem til uttrykk i strategien, då informasjonen først og fremst har gått til fylkeskommunen som bestillar og ikkje som eigar av selskapet. Fylkeskommunen anerkjenner at det her føreligg forbettringspotensial, og at ein ved revisjon av eigarstrategien bør skilje klarare mellom kva informasjon fylkeskommunen treng som eigar og kva dei treng som bestillar og offentleg styresmakt. Fylkeskommunen peiker vidare på at oppfølging av eigarstrategiar generelt må innarbeidast på ein betre måte i fylkeskommunen sitt årshjul for eigarskapsforvaltning.

I intervju blir det vist til at fylkestinget får god informasjon om drift og utvikling i selskapa, ved at det ved behov blir lagt inn informasjon om drift, utvikling gjennom referatsaker til fylkestinget. Fylkeskommunen viser til at det er etablert praksis å legge mottatt aksjonærinformasjon fram som referatsak for fylkesutvalet. Der informasjonen også vedkjem eit hovudutval sitt saksområde er det også etablert praksis for at informasjonen blir lagt fram i referatsak der. Det går vidare fram at årsrapportar/årsmeldingar ikkje blir lagt fram i sin heilskap for fylkesting eller


³⁹ I 2022 utarbeidde MOK og ORO eit utkast til samarbeidsavtale/oversikt over ansvars- og oppgåvefordeling. VLFK peiker på at det i all hovudsak blei det skilt mellom formell eigarstyring- og oppfølging, og oppfølging som ligg til fylkeskommunen som bestillar/brukar, og i tillegg at strategien blei utarbeidd som eit samarbeid, men at det var først og fremst MOK som stod for handsaminga.

⁴⁰ VLFK påpeiker at krav til leveranse viser til andre inngåtte avtalar om forvaltning og bestilling.

fylkesutval, men at dette blir gjennomgått av eigarrepresentantane og administrasjonen. Det blir også påpeikt at viktige hendingar m.m. har blitt samanfatta og rapportert om i eigarskapsmeldinga kvart fjerde år.

Respondentane som deltok i spørjeundersøkinga fekk spørsmål om kor ofte selskapet rapporterer til fylkeskommunen om drift og utvikling gjennom høvesvis uformelle eigarmøte, presentasjon for fylkestinget og/eller presentasjon for utval i fylkeskommunen. Som framstilt i figur 8 under svarar 82 prosent av styreleiarane at selskapet årleg rapporterer om drift og utvikling i uformelle eigarmøte. 43 prosent oppgjev at selskapet gir denne typen rapportering gjennom presentasjon til fylkestinget sjeldnare enn ein gong kvar valperiode, medan 38 prosent svarar at førekjem sjeldnare enn ein gong kvart fjerde år at selskapet rapporterer om drift og utvikling gjennom presentasjon for utval i fylkeskommunen. Om lag ein av tre (høvesvis 29 prosent og 33 prosent) svarar «veit ikkje» på spørsmålet om kor ofte selskapet rapporterer om drift og utvikling gjennom presentasjon for fylkestinget eller utval i fylkeskommunen.

Figur 8: Rapportering til fylkeskommunen om drift og utvikling i selskapet



I eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen blir det vist til at det blir lagt til grunn at selskapa **rapporterer om vesentlege tilhøve og hendingar**. Det blir i intervju påpeikt at dersom selskapa avvik frå fylkeskommunen sine vedtekne forventningar, noko det kan vere gode grunnar for å gjere, forventar fylkestinget at selskapa forklarar dette. Det går vidare fram av eigarskapsmeldinga at saker eigar bør kjenne til skal bli lagt fram for eigarorganet, og at saker som ein eller fleire av eigarane må handsame særskilt, t.d. vedtektsendringar, blir lagt fram for eigarane i god tid før møte i eigarorganet.

Fylkesordførar peiker på at **fylkesutvalet blir informert** om eventuelle krevjande og utfordrande saker knytt til eigarskapen til fylkeskommunen. I tillegg blir protokollar frå eigarmøte mv. lagt fram som referatsak for fylkestinget, og det blir i intervju vist til at det blir opplevd som at folkevalde får god informasjon om drift og utvikling i selskapa som VLFK har eigardel i gjennom desse referatsakene. Fylkesordførar fortel at det også blir gjennomført møte internt for å diskutere selskap og utviklinga. Til dømes blei det gjennomført ei rekke interne møte i samband med diskusjonar om fylkeskommunen skulle tre ut av eigarskapen i selskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS. Fylkesordførar understrekar at slike møte formelt skjer i politiske organ, og at det deretter er samtalar mellom fylkesordførar og fylkesdirektør om korleis ein skal følgja opp vedtak vedrørande eigarstrategiar.

Respondentane som deltok i spørjeundersøkinga fekk spørsmål om styret rapporterer skriftleg til fylkeskommunen ved særskilte selskapshendingar (figur 9). Ingen av respondentane svarer «nei» på dette spørsmålet, medan 69 prosent svarar «ja» og 8 prosent svarar «veit ikkje». 23 prosent viser til at dette ikkje har vore aktuelt.

Det blir i intervju peikt på at **dersom ikkje styret følgjer opp mål og krav kan eigar(ane) innkalle til møte i eigarorganet og eventuelt byte ut styret**. Det går fram av intervju at det har vore få tilfelle der fylkeskommunen har kasta styret, og at dette ikkje har vore aktuelt i inneverande valperiode. Det blir vist til at det var eit tilfelle der styret måtte gå i førre valperiode, og at det var det styret si handtering av den økonomiske situasjonen og dårleg informasjon til eigar som var avgjerande for at tilliten var borte. I dette tilfellet leverte selskapet store underskot utan at dette var venta eller varsla om på førehand. Som eit resultat av dette kasta generalforsamlinga styret.

Informasjonsflyt og medverknad på avgjersler ved indirekte eigarskap

Det er ikkje gjennom eigarskapsmeldinga eller andre retningslinjer etablert særskilte overordna rutinar som omhandlar informasjonsflyt frå, eller medverknad i avgjersler i selskap der fylkeskommunen er indirekte eigar gjennom holdingselskap. Som nemnt i avsnitta over er det gjennom eigarskapsmeldinga etablert generelle rutinar og system for oppfølging og informasjonsflyt mellom selskapa og fylkeskommunen som eigar.


Vestland fylkeskommune er på revisjonstidspunktet eigar i fleire holdingselskap. Føremålet med eit holdingselskap er i hovudsak å eige aksjar i andre selskap. Drifta skjer i selskapa som holdingselskapet eig og desse blir gjerne kalla driftsselskap. Dersom holdingselskapet eig over 50 prosent av eit anna aksjeselskap er det eit «morselskap» og selskapet det eig eit «dotterselskap». Til saman dannar desse eit konsern. Det er holdingselskapet som er ansvarleg for representasjon i eigarorganet i dotterselskapa/selskap som holdingselskapet eig, og det er vidare holdingselskapet som mottar informasjon om selskapshendingar, og utvikling i selskapa det har eigarskap i.

Tabell 7: Vestland fylkeskommune sine eigarskap i holdingselskap

Holdingselskap	VLFK sin eigardel	Selskap som holdingselskapet eig
Sogn og Fjordane Holding AS	20 %	Sogn og Fjordane Energi AS (49,51 %)
Opero Holding AS	16,6 %	Opero Pluss AS (100 %) Atheno AS (0,155 %)
Origod Holding AS	24,55 %	Origod Eiendom AS (100 %) Origod AS (97,523 %)
Movia Holding AS	11,536 %	Movia Eigedom AS (100 %) Movia Formidling AS (100 %) Movia Utvikling AS (100 %)

Sogn og Fjordane Holding AS blei stifta av tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2005, og den tidlegare fylkeskommunen eigde 100 prosent av aksjane i selskapet. Sogn og Fjordane Holding AS sin eigarstruktur blei endra i desember 2019 ved at 80 prosent av aksjane blei overførte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til kommunane i Sogn og Fjordane (B-aksjar). Resterande aksjar gjekk ved årsskiftet 2019/20 over frå Sogn og Fjordane

Figur 9: Rapportering ved særskilte selskapshendingar



fylkeskommune til Vestland fylkeskommune (A-aksjar) og den nye fylkeskommunen fekk 51 % av stemmene på generalforsamlinga.⁴¹

Dei tre sistnemnde holdingselskapa i tabellen over er knytt til arbeidsmarknadsbedrifter (sjå også tabell 1 på side 12 i denne rapporten). Bakgrunnen for at fleire arbeidsmarknadsbedrifter har gått over til konsernmodell er at NAV, i samsvar med forskrift om arbeidsmarknedstiltak (tiltaksforskriften) §§ 13-6 og 14-5, har stilt krav til arbeidsmarknadsbedrifter med Varig tilrettelagt arbeid (VTA)- og Arbeidsførebuande trening (AFT) angående selskapsstruktur. Dette for å sikre kontroll med tilskot til VTA- og AFT-tiltak. Kravet om konsernorganisering gjeld for bedrifter som i tillegg til VTA eller AFT driv anna type verksemd.⁴²

Fylkeskommunen viser til at det varierer noko kva informasjon fylkeskommunen får om verksemda i dotterselskap som fylkeskommunen har indirekte eigarskap i. Det blir peikt på at fylkeskommunen, og ofte dei andre eigarane av arbeidsmarknadsbedrifter gjennom holdingselskap, har oppmoda om at holdingselskapet/morselskapet, rapporterer til eigarane om sjølve arbeidsmarknadsverksemda i dotterselskapet. Dette er på bakgrunn av at fylkeskommunen sitt føremål med å ha eigarskap i holdingselskapet er knytt til arbeidsmarknadsverksemda, og det er derfor avgjerande for fylkeskommunen å følgje med på korleis denne utviklar seg. Dette ønsket om informasjon er tydeleggjort i fylkeskommunen sin felles **eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene**, der det mellom anna går fram at

Der fylkeskommunen er eigar av morselskapet i eit konsern, ønskjer fylkeskommunen at det vert **rapportert om verksemda i dotterselskapa på same måte som når fylkeskommunen hadde direkte eigarskap** i selskapet som driv primærverksemda.⁴³

Fylkeskommunen viser til at **Opero Holding AS** sender samla årsmelding for holdingselskap og dotterselskap til fylkeskommunen og at **Origod Holding AS** i 2023 har kalla inn til/sendt fylkeskommunen generalforsamlingsdokument både for Origod Holding AS og Origod AS. Det går fram at Origod AS sendte halvårsrapport til eigarane i august 2022, men at fylkeskommunen per 17. august 2023 førebels ikkje har mottatt slik rapport for siste år. Når det gjeld **Movia Holding AS**, så går det fram at holdingselskapet har sendt fylkeskommunen årsrekneskap mv. for Movia Holding AS, Movia utvikling AS (arbeids- og inkluderingsverksemd), Movia eigeendom AS, Movia formidling AS (VTA- og AFT-plasser).

Fylkeskommunen peiker på at det kan vere noko annleis med selskap som Sogn og Fjordane Holding AS⁴⁴ samanlikna med holdingselskapa knytt til arbeidsmarknadsbedrifter, då fylkeskommunen sitt føremål med eigarskap i Sogn og Fjordane Holding AS hovudsakleg er finansielt, sjølv om bakgrunnen for eigarskapen også er føremålstenleg utnytting av kraftressursane i området. Fylkeskommunen peiker på at dei har pleidd å få informasjon frå Sogn og Fjordane Holding AS om verksemda i dotterselskapet Sogn og Fjordane Energi AS, då dette direkte verkar inn på kva holdingselskapet ventar å kunne utbetale til eigarane. Fylkeskommunen viser til at dei elles, som offentleg styresmakt, har ei interesse i å følgje verksemda til kraftselskap i fylket, då dei forvaltar fellesskapet sine naturressursar.

Det er ikkje etablert eigarstrategi for Sogn og Fjordane Holding AS. I vedtektene for selskapet⁴⁵ er det heller ikkje føresegner som særskilt omhandlar kommunikasjon eller rapportering angående underliggende dotterselskap.

Det blir i fleire intervju peikt på at det er krevjande å følgje opp den indirekte eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi AS. Det blir vidare vist til at ei oppleving av at fylkeskommunen ikkje har blitt tilstrekkeleg informert om aktivitetar i Sogn og Fjordane Energi AS. Dette gjeld spesifikt tilfellet der eit av dotterselskapa til Sogn og Fjordane Energi AS, Linja AS, blei fusjonert med selskapet Mørenett AS⁴⁶, utan at fylkeskommunen blei informert om dette. Fylkesordførar peiker på at det er gitt tilbakemelding til selskapet om at fylkeskommunen skulle ha vore informert,

⁴¹ Vestland fylkeskommune. Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021. Sist vedtatt i Fylkestinget 15.12.2021 i sak 131/2021

⁴² For å bli godkjent som tiltaksarrangør av tiltaka AFT og VTA, må attføring eller varig tilrettelagt arbeid vere bedrifta si primærverksemd (for tiltaket VTA er det gjort unntak frå dette kravet for enkeltplassar i ordinære verksemdar). I tillegg er det m.a. krav om at overskot skal vere attende i verksemda og at selskapet er organisert slik at ein unngår risiko for kryssubsidiering.

⁴³ Deloitte sin utheving av tekst

⁴⁴ Selskapet Sogn og Fjordane Holding AS eig 49,51 % av kraftselskapet Sogn og Fjordane Energi AS. Holdingselskapet er eigd av Vestland fylkeskommune saman med 18 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkeskommunen har ein eigardel på om lag 20 % av holdingselskapet, men 51 % av stemmene i generalforsamlinga. Dette skyldast at fylkeskommunen eig A-aksjar, med større stemmerett, og dei kommunale eigarane eig B-aksjar, med tilsvarande lågare stemmerett. Dette inneber at Vestland fylkeskommune har det avgjerande ordet i avgjerder i generalforsamling med alminneleg fleirtalkrav.

⁴⁵ Vedtekter for Sogn og fjordane Holding AS. Vedteke i generalforsamling 2019.

⁴⁶ Noverande SFE Fiber AS

og at holdingselskapet i dette tilfelle svikta i si plikt til å informere eigar om vesentlege selskaphendingar. Fylkesordførar viser til at det er forventa at dette vil bli etterlevd av selskapet framover.

5.3.2 Vurdering

Revisjonen vurderer at Vestland fylkeskommunen i hovudsak følgjer opp selskapa der dei har eigardel, i samsvar med fylkeskommunen sine eigne rutinar for eigarstyring. Undersøkinga viser at fylkeskommunen mellom anna følgjer opp selskapa ved å gjennomgå dokumentasjon frå selskapa (t.d. innkalling til generalforsamling), deltaking i formelle eigarmøte og, ved behov, kontakt med selskapsleiinga.

Det er samtidig revisjonen si vurdering at det er noko uklart korleis selskap blir følgt opp av administrasjonen utover det som gjeld informasjon i samband med generalforsamling. Revisjonen vurderer at fylkeskommunen må sikre at dei har tilstrekkeleg informasjon om utvikling i selskapa, slik at dei kan ha tilstrekkeleg oppfølging av eigarskapa, samt tilfredsstillande informasjon til fylkespolitikarane som eigarar. Dette gjeld særleg for selskap der fylkeskommunen har etablert eigne eigarstrategiar med krav til oppfølging og rapportering.

Vestland fylkeskommune har ikkje etablert særskilte overordna rutinar som omhandlar informasjonsflyt frå, eller medverknad i avgjersler i selskap der fylkeskommunen er indirekte eigar gjennom holdingselskap. Revisjonen vil påpeike at fylkeskommunen etter aksjelova hovudsakeleg kan utøve eigarskapen sin i holdingselskapet gjennom morselskapet sitt eigarorgan (generalforsamlinga). Aksjelova (§ 5-1) seier at aksjeeigarane gjennom generalforsamlinga utøver den øvste myndigheita i selskapet. Dette inneber at styret og andre organ pliktar å følge generalforsamlinga sine vedtak og instruksar. Aksjonærar og eit morselskap har altså ein styringsmoglegheit ovanfor selskapet, ved å ha bestemmande innflytelse gjennom generalforsamlinga. Den enkelte aksjeeigar i eit selskap har ingen generell innsynsrett i selskapet sitt forhold, uavhengig av om det er holdingselskap eller ikkje, men har jf. aksjelova §5-15 rett til å krevje tilgjengelege opplysningar som er relevante for saker som skal handsamast i generalforsamling. Om informasjon skal krevjast, må avgjerast ved avstemming med vanleg fleirtalskrav i generalforsamlinga, jf. aksjelova § 5-17.

Undersøkinga viser at fylkeskommunen, gjennom felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedrifter, har etablert kva rapportering dei som eigar ønskjer når det gjeld dotterselskapa. Det er ikkje utarbeidd tilsvarande tydeleggjering av kva informasjon fylkeskommunen som eigar av Sogn og Fjordane Holding AS ønskjer frå Sogn og Fjordane Energi AS.

Fylkeskommunen set også krav om at selskapa rapporterer om vesentlege tilhøve og hendingar, og det blir vist til at dette i hovudsak blir etterlevd. Revisjonen merkar seg at det blir påpeikt at det har vore eit tilfelle i inneverande valperiode der fylkeskommunen ikkje har blitt informert om ei selskaphending som omhandla fusjon i eit selskap underlagt Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Fylkeskommunen er indirekte eigar av SFE gjennom holdingselskap. Revisjonen merkar seg at det er gitt tilbakemeldingar til Sogn og Fjordane Holding AS om at fylkeskommunen skulle ha vore informert om denne hendinga, og at det er venta at fylkeskommunen som eigar framover vil bli informert om vesentlege hendingar.

6 Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at Vestland fylkeskommune i all hovudsak har etablert ei føremålstenleg organisering og system for forvaltning og oppfølging av eigarskapen til fylkeskommunen. Det er også i all hovudsak etablert ei eigarskapsforvaltning i fylkeskommunen som er i samsvar med relevante lovkrav og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Undersøkinga viser vidare at Vestland fylkeskommune langt på veg følgjer opp selskapa i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa. Undersøkinga indikerer at styremedlem i selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, opplever at fylkeskommunen som eigar utøver ei tydeleg og føremålstenleg eigarskapsforvaltning.

Samtidig viser undersøkinga at fylkeskommunen har nokre betringspunkt når det gjeld eigarskapsforvaltning. Undersøkinga viser mellom anna at:

- Fylkeskommunen har ikkje etablert tilstrekkelege system og rutinar for å sikre at det blir gjennomført risikovurderingar i forkant av at fylkeskommunen går inn i nye eigarskap. Krav til risikovurderingar ved inngåing av nye eigarskap er omtala eigarskapsmeldinga 2021, men det er ikkje utarbeidd nærare rettleiing for dette arbeidet (t.d. retningslinjer og malar) som sikrar at slike risikovurderingar blir gjennomført i praksis.
- Det blir ikkje gjennomført eigne risikovurderingar av det administrative arbeidet med eigarskapsforvaltning.
- Når det gjeld rutinar for rapportering frå eigarrepresentantar til juridisk seksjon, så viser undersøkinga at dette i liten grad blir gjennomført i praksis.
- Det blir ikkje lagt fram årleg rapport til fylkestinget om tilstanden for selskapa fylkeskommunen har eigardel i slik KS tilrår. Revisjonen merkar seg at fylkestinget har vedtatt at eigarskapsmeldinga skal handsamast kvart fjerde år, noko som er i samsvar med kommunelova, ettersom det blir opplevd som arbeidskrevjande å gjere ei ny vurdering av eigarskapsmeldinga kvart år. Revisjonen påpeiker at KS meiner det er føremålstenleg å ta eigarskapsmeldinga opp til vurdering oftare enn ein gong i valperioden dersom fylkeskommunen har eigardelar i mange selskap. Samtidig anerkjenner KS at det kan vere krevjande å gjere ei full vurdering av eigarskapen kvart år, og tilrår derfor at fylkestinget årleg får ei oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, gjerne med ein status knytt til økonomi, spesielle saker det siste året osv. Dette vil gi dei folkevalde jamleg oversikt over kva selskap fylkeskommunen eig og om det er planar for vesentlege endringar. Det blir påpeikt at det ikkje er behov for å vurdere resten av eigarskapsmeldinga årleg.
- Fylkeskommunen har ikkje etablert eigarstrategi for alle strategisk viktige selskap med vedtekter/selskapsavtalar som regulerer minstekrav etter den aktuelle selskapslova, slik KS tilrår. Revisjonen merkar seg likevel at fylkeskommunen har som mål å utarbeide eigarstrategi for alle selskapa dei har eigarskap i.
- Det er etablert rutinar for opplæring i eigarskapsforvaltning for folkevalde i Vestland fylkeskommunen, og slik opplæring er gjennomført i inneverande valperiode. Opplæringa i fylkeskommunal eigarskapsforvaltning er samtidig ikkje gjennomført innan tidsavgrensinga som er vedtatt i eigarskapsmeldinga (innan seks månadar etter fylkesvalet). Revisjonen vurderer at fylkeskommunen bør sikre opplæring av folkevalde tidleg i valperioden, i samsvar med eigne føresegner om dette i eigarskapsmeldinga, samt tilrådingar frå KS.
- Det er ikkje etablert tilstrekkeleg retningslinjer som regulerer valnemnda i fylkeskommunen sitt arbeid. Det er vidare ikkje etablert praksis for at valnemnda skriftleg grunngjev sine forslag til kandidatar til selskapsstyra. Revisjonen peiker på at fylkeskommunen bør sikre at det blir etablert tilstrekkeleg retningslinjer for valnemnda og at skriftleg grunngjeving av kandidatar som blir nominerte, rutinar for habilitet, ønska kompetanse mv. bør inngå som del av retningslinjene.
- KS tilrår at det bør fastsettast i vedtektene eller selskapsavtalane at val av styre i fylkeskommunalt eigde selskap bør skje ved bruk av valkomité. Undersøkinga viser at fylkeskommunen oppmodar om bruk av valkomité i eigarskapsmeldinga og vidare at det går fram krav eller oppmoding om dette også i eigarstrategiar. For mange av selskapa går det samtidig ikkje fram krav om bruk av valkomité i selskapsvedtektene.

- Undersøkinga viser at det ikkje er påkravd kjønnsbalanse i styret i 1 av 11 undersøkte selskap⁴⁷. Revisjonen påpeiker at dette ikkje er i samsvar med krav i regelverket⁴⁸, og vurderer at fylkeskommunen som eigar må sikre at det er riktig kjønnsbalanse i styra for selskap der fylkeskommunen har eigardel, og der dette er påkravd etter regelverket.
- Undersøkinga indikerer at det i liten grad blir gjennomført opplæring i styrearbeid i styra der fylkeskommunen er eigar. 64 prosent av respondentane i spørjeundersøkinga svarar at det sitjande styret ikkje har fått opplæring i styrearbeid. Revisjonen påpeiker at fylkeskommunen som eigar har eit ansvar for å sikre at styret i selskapet samla sett har den kompetansen det er behov for.
- Det er noko uklart korleis selskap blir følgt opp av administrasjonen utover det som gjeld informasjon i samband med generalforsamling. Revisjonen vurderer at fylkeskommunen må sikre at dei har tilstrekkeleg informasjon om utvikling i selskapa, slik at dei kan ha tilstrekkeleg oppfølging av eigarskapa, samt tilfredsstillande informasjon til fylkespolitikarane som eigarar. Dette gjeld særleg for selskap der fylkeskommunen har etablert egne eigarstrategiar med krav til oppfølging og rapportering.
- Det er ikkje tilstrekkeleg tydeleg for alle selskapsstyra at det er juridisk seksjon som er etablert som sekretariat for eigarskapsforvaltning. Revisjonen understrekar at det ikkje er noko i vegen for at selskapsstyra kontaktar andre aktørar, som til dømes fylkesordførar, dersom det er spørsmål som må avklarast, men revisjonen vurderer at det for å sikre mest mogeleg effektiv og lik kommunikasjon mellom fylkeskommunen og selskapa, kan vere føremålstenleg å i større grad tydeleggjere administrasjonen si rolle i dette arbeidet, til dømes ved å sikre at dette er tydeleg omtala på fylkeskommunen sine nettsider og eventuelt også i eigarskapsmeldinga.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Vestland fylkeskommune sett i verk følgjande tiltak:

1. Etablerer system og rutinar for å sikre at det blir gjennomført:
 - a. risikovurderingar når fylkeskommunen vurderer nye eigarskap.
 - b. risikovurderingar av det administrative arbeidet med eigarskapsforvaltning
2. Sikrar rapportering frå eigarrepresentantar til fylkeskommunen v/juridisk seksjon etter gjennomført eigarmøte, i samsvar med egne retningslinjer for dette.
3. Vurderer behov for å utarbeide ein årleg rapport til fylkestinget om oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigardel i (ev. også med status knytt til viktige hendingar, økonomi ol.)
4. Utarbeider retningslinjer for arbeidet i fylkeskommunen si valnemnd, og sikrar at desse retningslinjene mellom anna inneheld:
 - a. prosedyrar for rundt val av kandidatar til selskapsstyra, mellom anna med tanke på vurdering av habilitet, ønska kompetanse, kjønnsbalanse mv.
 - b. retningslinjer for at valnemnda skriftleg grunngjev sine forslag til kandidatar til selskapsstyra.
5. Fremjar i formelle eigarmøte (generalforsamling/representantskapsmøte) for relevante selskap der fylkeskommunen er eigar at:
 - a. det blir sett krav om bruk av valkomité ved val av styre.
 - b. det ved val av styremedlemmar blir sikra riktig kjønnsbalanse i styra der dette er påkravd etter regelverket.
 - c. det blir gjennomført opplæring i styrearbeid for selskapsstyra.
6. Sikrar oppfølging av eigarskap i samsvar med egne målsettingar og rutinar på området, under dette:
 - a. Utarbeider eigarstrategi for alle selskap som blir vurdert som strategisk viktige for fylkeskommunen, og gjennom dette ei tydeleggjering av eigar(ane) sine krav og forventningar til selskapet
 - b. Etablerer system og rutinar som sikrar at fylkeskommunen innhentar rapportering i samsvar med utarbeidde eigarstrategiar.
7. Tydeleggjer administrasjonen si rolle i arbeidet med eigarskapsforvaltning ovanfor selskapa og dei folkevalde, til dømes gjennom informasjon på fylkeskommunen sine nettsider og eventuelt i eigarskapsmeldinga.

⁴⁷ Selskap der fylkeskommunen har 50 prosent eigardel eller meir.

⁴⁸ Kommunelova § 21-1, aksjelova § 20-6.

Vedlegg 1: Høyringsuttale

Deloitte AS

Dato	04.09.2023
Vår referanse	2023/44816-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Signe Gudveig Rauboti
E-post	Signe.Gudveig.Rauboti@vlfk.no
Telefon	92639736

Høyringsvar til rapport etter overordna eigarskapskontroll

Fylkesdirektøren syner til rapportutkast etter overordna eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune, sendt oss på høyring 22.08.23 og med svarfrist 05.09.23.

Fylkesdirektøren meiner rapporten gjev ei dekkande oppsummering av fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning, og at dei tilrådte tiltaka i punkt 1-2 og 4-7 vil vere føremålstenlege og proporsjonale.

Fylkesdirektøren vil kort kommentere tilrådingstiltaket i punkt 3. Punktet er formulert som ei tilråding om å *vurdere* behovet for å utarbeide ein årleg rapport til fylkestinget om oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigardel i.

Behovet for ein årleg rapport til fylkestinget med oppdatert informasjon om selskapa er noko fylkestinget relativt nyleg har vurdert, den 29.08.22 i politisk sak 98/2022. Fylkestinget kom då fram til at m.a. det samla ressursbehovet i fylkeskommunen og det at dei fleste av fylkeskommunen sine eigarskap er langsiktige, stabile og lite risikoutsette, tilseier at fylkeskommunen legg seg på kommunelova sitt minstekrav, som er å handsame og vedta eigarskapsmelding ein gong i løpet av fylkestingsperioden. Fylkeskommunen vil, som før, få årleg rapportering frå selskapa i samband med generalforsamlingar o.l., og eigarrepresentantane og administrasjonen vurderer fortløpande behovet for politiske saker – anten for å informere eller for å få stemmeinstruks i konkrete saker. Informasjonen som kjem inn vert arkivert og vil vere tilgjengeleg for den som ønskjer det etter førespurnad. Fylkesdirektøren vil derfor ikkje rå til slik årleg rapportering.

Med helsing

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør
Organisasjon og økonomi (ORO)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg 2: Kontrollkriterier

Lovkrav

Fylkestinget skal etter kommunelova § 26-1 minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som mellom anna fastset overordna prinsipp for fylkeskommunen sitt eigarskap. Eigarskapsmeldinga skal innehalde; a) fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring, b) ein oversikt over selskap, føretak og andre verksemdar som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarande i og c) fylkeskommunen sitt formål med eigarinteressene eller tilsvarande interesser i verksemdene som var nemnde i bokstav b.

Kommunelova § 25-1 stiller krav om at fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir etterlevd. Dette inneber mellom anna at fylkeskommunen skal utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering, ha nødvendige rutinar og prosedyrar og avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik.

Kommunelova § 21-1 slår fast at reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon om begge kjønn i styret gjeld på tilsvarande måte for selskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig meir enn 2/3 av aksjane. Aksjelova § 20-6 gjeld også for interkommunale selskap, jamfør IKS-lova § 10.

Aksjelova § 20-6 seier at statsaksjeselskap der styret har to eller tre medlemmar skal begge kjønn vere representert. Har styret fire eller fem medlemmar skal begge kjønn vere representert ved minst to. Har styret seks til åtte medlemmar skal kvart kjønn vere representert ved minst tre. Har styret ni medlemmar skal kvart kjønn vere representert ved minst fire. Har styret fleire medlemmar skal kvart kjønn vere representert ved minst 40 %. Punkt fem slår fast at tilsvarande gjeld ved val av varamedlem.

Aksjelova § 2-2 seier at aksjeselskap skal ha vedtekter som minimum inneheld selskapet sitt føretaksnamn og verksemd, storleiken på aksjekapitalen og det aksjane sitt nominelle beløp. Vidare er det eit krav om at dersom selskapet si verksemd ikkje skal ha til føremål å skaffe aksjeeigarane eit økonomisk utbytte, så skal vedtektene innehalde føresegn om bruken av overskotet og av formuen ved oppløysing.

Utgangspunktet for forholdet mellom selskapet og aksjonær er den generelle opplysningsplikta som følger av instruks frå generalforsamlinga (aksjelova § 5-15). Den enkelte aksjeeigar har ingen generell innsynsrett i selskapet sine forhold, men har i samsvar med aksjelova § 5-15 rett til å krevje tilgjengelege opplysningar som er relevante for saker som skal handsamast på generalforsamling. Aksjonærar og eit morselskap har altså ein styringsmoglegheit ovanfor eit dotterselskap, ved å ha bestemmande innflytelse gjennom generalforsamlinga. Dersom informasjon skal krevjast frå selskapet, skal dette avgjerast ved avstemming med vanleg fleirtalskrav, jf. aksjelova § 5-17. I tilfelle der det berre er ein aksjeeigar, vil aksjonæren i praksis utgjere generalforsamlinga og dermed ha ein vid rett til å be om dei opplysningane dei ønskjer frå det heileigde dotterselskapet, sjølv om dette formelt sett skal gå fram av ein generalforsamlingsprotokoll.

Kapittel 5 i aksjelova inneheld vidare ei rekkje føresegner som omhandlar generalforsamlinga; mellom anna er det i § 5-2 n r. 2 stilt krav om at fullmektig som deltek på generalforsamlinga skal ha skriftleg fullmakt, mens § 5-5 første ledd seier at ordinær generalforsamling skal avviklast seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår.

IKS-lova set krav til at selskapet skal ha eit representantskap der alle deltakarar er representert med minst éin representant. Fylkestinget oppnemner sjølv sine representantar (IKS-lova § 6). Deltakarane utøver si mynde i selskapet gjennom representantskapet. Representantskapet er selskapet si øvste mynde (IKS-lova § 7).

KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

KS har utarbeidd 21 tilrådingar for eigarskapsforvaltning:⁴⁹

- 1) Velje selskapsform ut frå føremål og behov
- 2) Skille mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private
- 3) Sørgje for god kunnskap til folkevalde om eigarskap
- 4) Utarbeide ei årleg eigarskapsmelding eller rapport om selskapa for kommunestyret eller fylkestinget

⁴⁹ KS Folkevaldprogram 2019-2023: Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll.

- 5) Revidere styringsdokument og avtalar jamleg
- 6) Halde jamlege eigarmøte
- 7) Som hovudregel bør sentrale folkevalde utnemnst som representantar i eigarorganet.
- 8) Sørge for føresegner om innkallingsfrist til generalforsamlingar og representantskapsmøte.
- 9) Sørge for god samansetning og kompetanse i styret.
- 10) Vedtektsfeste bruk av valkomité ved styreutnemningar
- 11) Sørge for balansert kjønnsrepresentasjon i styra.
- 12) Laga rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyra
- 13) Som hovudregel bør styremedlemmer i morselskapet ikkje sitje i styra i dotterselskap
- 14) Utnemne numeriske vararepresentantar
- 15) Etablere rutinar for vurdering og handtering av habilitet
- 16) Gjennomfør ei prinsipiell avklaring av godtgjering for styreverv
- 17) Registrere styreverv i KS styreregister
- 18) Sørge for at selskapa melder seg inn i arbeidsgivarorganisasjon
- 19) Sørge for at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningslinjer for selskapsdrifta
- 20) Avklare forholdet mellom kommunedirektøren og dagleg leiar av føretaket ved skiping av kommunale eller fylkeskommunale føretak
- 21) Sørge for at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår til å utøve funksjonen sin på ein god måte.

NUES sine tilrådingar for eigarstyring og selskapsleiing

1. Redegjørelse for eierstyring og selskapsledelse
 - a) Styret skal påse at selskapet har god eierstyring og selskapsledelse.
 - b) Styret skal i årsberetningen eller dokument det er henvist til i årsberetningen gi en samlet redegjørelse for selskapets eierstyring og selskapsledelse. Redegjørelsen skal omfatte hvert enkelt punkt i anbefalingen.
 - c) Dersom anbefalingen ikke er fulgt, skal avvik begrunnes, og det skal redegjøres for hvordan selskapet har innrettet seg.
2. Virksomhet
 - a) Selskapets vedtekter bør angi tydelig den virksomheten selskapet skal drive.
 - b) Styret bør utarbeide klare mål, strategier og risikoprofil for virksomheten, slik at selskapet skaper verdier for aksjonærene på en bærekraftig måte. I dette arbeidet bør derfor styret ta hensyn til økonomiske, sosiale og miljømessige forhold.
 - c) Styret bør evaluere mål, strategier og risikoprofil minst årlig.
3. Selskapskapital og utbytte
 - a) Styret bør påse at selskapet har en kapitalstruktur som er tilpasset selskapets mål, strategi og risikoprofil.
 - b) Styret bør utarbeide og gjøre kjent en klar og forutsigbar utbyttepolitikk.
 - c) Forslag om at styret skal få fullmakt til å dele ut utbytte, bør være begrunnet.
 - d) En styrefullmakt til å forhøye aksjekapitalen eller erverve egne aksjer bør gjelde et definert formål. En slik styrefullmakt bør ikke vare lenger enn frem til neste ordinære generalforsamling.
4. Likebehandling av aksjeeiere
 - a) Dersom eksisterende aksjeeieres fortrinnsrett ved kapitalforhøyelser fravikes, bør det begrunnes. Dersom styret vedtar kapitalforhøyelsen med fravikelse av fortrinnsretten på bakgrunn av fullmakt, bør begrunnelsen offentliggjøres i børsmelding i forbindelse med kapitalforhøyelsen.
 - b) Selskapets transaksjoner i egne aksjer bør foretas på børs eller på annen måte til børskurs. Dersom det er begrenset likviditet i aksjen, bør kravet til likebehandling vurderes ivaretatt på andre måter.
5. Aksjer og omsettelighet
 - a) Selskapet bør ikke begrense adgangen til å eie, omsette eller stemme for aksjer i selskapet.
 - b) Selskapet bør gjøre rede for begrensninger i adgangen til å eie, omsette eller stemme for aksjer i selskapet.
6. Generalforsamling
 - a) Styret bør legge til rette for at aksjeeierne kan delta i selskapets generalforsamling.
 - b) Styret bør sørge for at:

- i. saksdokumentene er utførlige og presise nok til at aksjeeierne kan ta stilling til alle saker som skal behandles
 - ii. påmeldingsfristen settes så nær møtet som mulig
 - iii. styret og leder av valgkomiteen kan delta i generalforsamlingen
 - iv. generalforsamlingen kan velge en møteleder som er uavhengig
 - c) Aksjeeierne bør kunne stemme i hver enkelt sak, herunder stemme på enkeltkandidater ved valg. Aksjeeiere som ikke kan være til stede på generalforsamlingen bør gis anledning til å stemme. Selskapet bør utforme et fullmaktsskjema og oppnevne en person som kan opptre som fullmektig for aksjeeiere.
- 7. Valgkomité
 - a) Selskapet bør ha en valgkomité, og valgkomiteen bør vedtektsfestes. Generalforsamlingen bør fastsette nærmere retningslinjer for valgkomiteen, velge komiteens leder og medlemmer og fastsette komiteens godtgjørelse.
 - b) Valgkomiteen bør ha kontakt med aksjeeiere, styremedlemmene og daglig leder i arbeidet med å foreslå kandidater til styret.
 - c) Valgkomiteen bør sammensettes slik at hensynet til aksjonærfellesskapets interesser blir ivaretatt. Flertallet i valgkomiteen bør være uavhengig av styret og øvrige ledende ansatte. Styrets medlemmer eller ledende ansatte i selskapet bør ikke være medlem av valgkomiteen.
 - d) Valgkomiteens oppgave bør være å foreslå kandidater til styret og valgkomiteen (eventuelt bedriftsforsamlingen) og godtgjørelse til medlemmene av disse organene.
 - e) Valgkomiteen bør begrunne hvert forslag til kandidater.
 - d) Selskapet bør informere om hvem som er medlemmer av komiteen ter for å foreslå kandidater.
- 8. Styret, samansetning og uavhengighet
 - a) Styret bør sammensettes slik at det kan ivareta aksjonærfellesskapets interesser og selskapets behov for kompetanse, kapasitet og mangfold. Det bør tas hensyn til at styret kan fungere godt som et kollegialt organ.
 - b) Styret bør sammensettes slik at det kan handle uavhengig av særinteresser. Flertallet av de aksjeeiervalgte medlemmene bør være uavhengige av ledende ansatte og vesentlige forretningsforbindelser. Minst to av de aksjeeiervalgte medlemmene bør være uavhengige av selskapets hovedaksjeeiere.
 - c) Ledende ansatte bør ikke være medlem av styret. Dersom ledende ansatte er styremedlem, bør det begrunnes og få konsekvenser for organiseringen av styrets arbeid, herunder bruk av styreutvalg for å bidra til en mer uavhengig forberedelse av styresaker, jf. anbefalingen kapittel 9.
 - d) Generalforsamlingen (eventuelt bedriftsforsamlingen) bør velge styreleder.
 - e) Styremedlemmer bør ikke velges for mer enn to år av gangen.
 - f) I årsrapporten bør styret opplyse om deltagelse på styremøtene og om forhold som kan belyse styremedlemmenes kompetanse. I tillegg bør det opplyses hvilke styremedlemmer som vurderes som uavhengige.
 - g) Styremedlemmer bør oppfordres til å eie aksjer i selskapet.
- 9. Styrets arbeid
 - a) Styret bør fastsette instruks for styret og for den daglige ledelsen med særlig vekt på klar intern ansvars- og oppgavefordeling.
 - b) Instruksen bør angi hvordan styret og den daglige ledelsen skal behandle avtaler med tilknyttede parter, herunder om det skal innhentes en uavhengig verdivurdering. Styret bør i årsberetningen redegjøre for slike avtaler.
 - c) Styret bør sørge for at styremedlemmer og ledende ansatte gjør selskapet kjent med vesentlige interesser de måtte ha i saker som styret skal behandle.
 - d) For å sikre en mer uavhengig behandling av saker av vesentlig karakter hvor styreleder selv er eller har vært aktivt engasjert, bør annet styremedlem lede diskusjonen i slike saker.
 - e) Større selskaper skal etter allmennaksjeloven ha revisjonsutvalg.
 - f) Det samlede styret bør ikke fungere som selskapets revisjonsutvalg.
 - g) Mindre selskaper bør vurdere etablering av revisjonsutvalg. I tillegg til lovens krav om revisjonsutvalgets sammensetning mv. bør flertallet av medlemmene i utvalget være uavhengig av virksomheten.
 - h) Styret bør også vurdere bruk av kompensasjonsutvalg for å bidra til grundig og uavhengig behandling av saker som gjelder godtgjørelse til ledende ansatte. Slikt utvalg bør bestå av styremedlemmer som er uavhengige av ledende ansatte.

- i) Styret bør informere om eventuell bruk av styreutvalg i årsrapporten.
 - j) Styret bør evaluere sitt arbeid og sin kompetanse årlig.
10. Risikostyring og intern kontroll
- a) Styret skal påse at selskapet har god intern kontroll og hensiktsmessige systemer for risikostyring i forhold til omfanget og arten av selskapets virksomhet.
 - b) Styret bør årlig foreta en gjennomgang av selskapets viktigste risikoområder og den interne kontroll.
11. Godtgjørelse til styret
- a) Godtgjørelsen til styret bør reflektere styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og virksomhetens kompleksitet.
 - b) Godtgjørelse til styret bør ikke være resultatavhengig. Opsjoner bør ikke utstedes til styremedlemmer.
 - c) Styremedlemmer, eller selskaper som de er tilknyttet, bør ikke påta seg særskilte oppgaver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom de likevel gjør det, bør hele styret være informert. Honorar for slike oppgaver bør godkjennes av styret.
 - d) Dersom det har vært gitt godtgjørelser utover vanlig styrehonorar, bør det spesifiseres i årsrapporten.
12. Lønn og annen godtgjørelse til ledende personer
- a) Retningslinjene om lønn og annen godtgjørelse skal være tydelige og forståelige, og bidra til selskapets forretningsstrategi, langsiktige interesser og økonomiske bæreevne.
 - b) Ordningene for lønn og annen godtgjørelse bør bidra til sammenfallende interesser mellom aksjeeierne og ledende ansatte, og være enkle.
 - c) Det bør settes et tak på resultatavhengig godtgjørelse.
13. Informasjon og kommunikasjon
- a) Styret bør fastsette retningslinjer for selskapets rapportering av finansiell og annen informasjon basert på åpenhet og under hensyn til kravet om likebehandling av aktørene i verdipapirmarkedet.
 - b) Styret bør fastsette retningslinjer for selskapets kontakt med aksjeeiere utenfor generalforsamlingen.
14. Overtakelse av selskap
- a) Styret bør ha utarbeidet hovedprinsipper for hvordan det vil opptre ved eventuelle overtakelsestilbud.
 - b) I en tilbudssituasjon bør styret og ledelsen ha et selvstendig ansvar for å bidra til at aksjeeierne blir likebehandlet, og at ikke virksomheten forstyrres unødig. Styret har et særskilt ansvar for at aksjeeierne har informasjon og tid til å kunne ta stilling til budet.
 - c) Styret bør ikke forhindre eller vanskeliggjøre at noen fremsetter tilbud på selskapets virksomhet eller aksjer.
 - d) Avtaler med tilbyder om å begrense selskapets mulighet til å fremskaffe andre tilbud på selskapets aksjer bør bare inngås når det åpenbart kan begrunnes i selskapets og aksjeeiernes fellesinteresse. Det samme gjelder avtale om kompensasjon til tilbyder hvis tilbudet ikke gjennomføres. Eventuell kompensasjon bør være begrenset til de kostnadene tilbyder har ved fremsettelsen av budet.
 - e) Avtaler mellom selskapet og tilbyder av betydning for markedets vurdering av tilbudet, bør gjøres offentlig senest samtidig med melding om at tilbudet vil bli fremsatt.
 - f) Dersom det fremsettes et tilbud på selskapets aksjer, bør ikke selskapets styre utnytte emisjonsfullmakter eller treffe andre tiltak med formål å hindre gjennomføringen av tilbudet, uten at dette er godkjent av generalforsamlingen etter at tilbudet er kjent.
 - g) Dersom et bud fremmes på selskapets aksjer, bør styret avgi en uttalelse med en anbefaling om aksjeeierne bør akseptere eller ikke. I styrets uttalelse om tilbudet bør det fremkomme om vurderingen er enstemmig, og i motsatt fall på hvilket grunnlag enkelte styremedlemmer har tatt forbehold om styrets uttalelse. Styret bør innhente en verdivurdering fra en uavhengig sakkyndig. Verdivurderingen bør begrunnes og offentliggjøres senest samtidig med styrets uttalelse.
 - h) Transaksjoner som i realiteten innebærer avhendelse av virksomheten, bør besluttes av generalforsamlingen (eventuelt bedriftsforsamlingen).
15. Revisor
- a) Styret bør sørge for at revisor hvert år legger frem hovedtrekkene i en plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet.
 - b) Styret bør innkalle revisor til møter der de behandler årsregnskapet. I møtene bør revisor gjennomgå eventuelle vesentlige endringer i selskapets regnskapsprinsipper, sentrale forhold ved revisjonen, vurdering av vesentlige regnskapsestimater og alle vesentlige forhold hvor det har vært uenighet mellom revisor og administrasjonen.

- c) Styret bør minst en gang i året gjennomgå selskapets interne kontroll med revisor, samt svakheter revisor har identifisert og forslag til forbedringer.
- d) Styret bør fastsette retningslinjer for den daglige ledelsens adgang til å benytte revisor til andre tjenester enn revisjon.

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova). LOV-2018-06-22-83.
- Kommunal- og distriktsdepartementet. Lov om interkommunale selskaper (IKS-loven). LOV-1999-01-29-6
- Nærings- og fiskeridepartementet. Lov om aksjeselskap (aksjeloven). LOV-1997-06-13-44.

Førearbeider, rundskriv, rettleiarar mv.

- KS Folkevalgtprogram 2019-2023: *Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll* (2020). ISBN 978-82-93100-69-0.
- NUES, 2021: *Norsk anbefaling om eierstyring og selskapsledelse*. 14. oktober 2021, 10. utgåve. ISBN 978-82-93119-16-6

Dokument frå fylkeskommunen

- Vestland fylkeskommune. Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021. Sist vedtatt i Fylkestinget 15.12.2021 i sak 131/2021
- Vestland fylkeskommune. Reglement for folkevalde organ og delegering. Sist oppdatert desember 2022.
- Vestland fylkeskommune. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi. Vedtatt i Fylkestinget 29.09.2020.
- Vestland fylkeskommune. *Informasjon om Vestland fylkeskommune si utøving av eigarskap*. Sendt til aksjeselskap fylkeskommunen er eigar i. Datert 14.02.2023.
- Vestland fylkeskommune. *Å eige*. Innlegg på Politikardagen 2021 ved juridisk seksjon.
- Vestland fylkeskommune. *Framtidas Hurtigbåt del II – organisering*. Fylkestinget PS 10/2022, 16.03.2022.
- Vestland fylkeskommune. Figuras revisjon og rådgivning. *Organisering av eierskap i prosjekt Framtidens Hurtigbåt*. Desember 2021. Vedlegg i PS 10/2022 i Fylkestinget 16.03.2022.
- Vestland fylkeskommune. Vedtekter for Sogn og fjordane Holding AS. Vedteke i generalforsamling 2019.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2023 Deloitte AS